Støttespillere premier (Tine, Sport Norge, Trygg Trafikk, Sykkelbyen Bergen)			75 000
FTUH			70 000
Andre kommuner (egenandel)			177 500
Fana Sparebank (gavemidler)			50 000
<b>Sum inntekter:</b>			kr 1 902 500,00
<b>Resultat:</b>			kr <b>93 429,00</b>

### Kunnskapsløftet

I **generell del av læreplanen** står det blant annet at skolen skal «*ruste barn til å møte livets oppgaver og mestre utfordringer sammen med andre. Den skal gi hver elev kyndighet til å ta hånd om seg selv og sitt liv.*» Videre står det at opplæringen må «*tilføre holdninger og kunnskaper som varer livet ut og «lære de unge å se framover og øve evnen til å treffe valg med fornuft»*. Læreplanen danner et grunnlag for at alle barn og unge skal få en felles, kontinuerlig og god trafikkopplæring, men dette må følges opp ved den enkelte.

- **Kompetansemål i kroppsøving etter 4. trinn:**

Elevene skal kunne følge trafikkregler for fotgjengere og syklister.

- **Trygg Trafikk anbefaler følgende progresjon i trafikk – og sykkelopplæring:**



**4.trinn: trafikkregler. Forberedende sykkelopplæring, enkel teori og trening i trygge omgivelser.**

**5.trinn: teori og trening på sykkel i enkel trafikk sammen med voksne.**

### Opplæringsprogrammet «Sykkelkids»

- ✓ Start mars til juli og fra skoleoppstart til slutten av november.
- ✓ Målgruppe er primært elever på 4. og 5. klassesetrinn.
- ✓ En opplæringsdag i uken, over en 3 ukers periode.
- ✓ Sykkel kontroll på samtlige sykler.
- ✓ Teori og praksis, 3 ganger á 2,5 time.
- ✓ Utlån av sykler og hjelmer til de som ikke disponerer eget utstyr, inkludert til barn med funksjonsnedsettelse og kontaktlærer.
- ✓ To instruktører fra Norges Cykleforbund.
- ✓ Teori og løypemateriell i samarbeid med Trygg Trafikk.
- ✓ Informasjonsmateriell til lærere og elever.
- ✓ Materiale til lærerne med fokus på sykkel under andre fag (sykleiskolen.no)
- ✓ Elevene får tildelt sykkelkort, diplom, t-skjorte og sykkelflaske.

### Mål for opplæringen:

- Fokus på hverdag sykling, og økt bruk av sykkel som transportmiddel i Hordaland.
- Gjennomføre opplæringsprogrammet for primært 4. og 5. klassinger i utvalgte kommuner i Hordaland, og få opplæringsprogrammet som et permanent tilbud i barneskolen.
- Skape trygghet for barn på sykkel.
- Alle skal få delta, og samtlige skal ha tilgang til egen eller låne sykkel.
- Barna skal bli mer aktive, og skaffe seg gode reisevaner gjennom å sykle til skolen.
- Skape sykkelglede og oppmuntre barn til å sykle.
- Øke rekruttering til sykkel klubbene i Hordaland.

## Dagsplan for Sykkelkids opplæring:

### Sykkelkids opplæring - Dag 1:

- Teoriundervisning i klasserom:
  - PowerPoint presentasjon om opplæringen, film fra sykkel-VM i Bergen, fordeler med å bruke sykkel, de viktigste trafikkregler på sykkel, hvorfor det er gøy å sykle, og viktigheten av trafiksikkerhet.
  - Gjennomgang av nettstedet [www.sykleiskolen.no](http://www.sykleiskolen.no)
- Sykkellek, øvelser, løyper med ramper på skolens område
  - Sykkeløkta.no
- Sykkelsjekk av utstyr og hjelm (trygg trafikk sykkelkontroll skjema)
- Bremsetesten (øve på å bremse)
  - Bremsespor konkurransen
- Sykkelverksted
  - Lære elevene hvordan man enkelt ser over at sykkelen er i sikker og god stand, og hvordan man enkelt stiller bremses og gir.
- Sykle en runde med elevene i skolens nærområde.











## Sykkelkids opplæring - Dag 2:

- Teoriundervisning i klasserom:
- PP presentasjon om viktigheten av å gi tegn, trafikkskilt, plassering i veibane, se over skulder samt være oppmerksom i trafikken.
- Sykkelens historie + fremtid, forskjellige typer hverdagssykler, og ulike konkurranseformer/grener.
- Øvelse gjør mester (film).
- Sykkellek og øvelser/løyper på skolens område, fra sykkeløkta.no og sykleiskolen.no
- Konkurranser og sykkellek
- Forskjellige mestringsøvelser på sykkel, sykkel-stafett, sakte-sykling konkurranse, ideal-tid konkurranse (sykle en runde på/rundt skolen på best ideal tid)
- Kontroll av sykler, TT godkjent merke.
- Sykle sammen til et bestemt sted:  
Finne en sykkel løype i terrenget, eller sykle til en av seks pumptrack baner i Bergen.







### Sykkelkids opplæring - Dag 3 Sykkelprøven:

- Gjennomgang av teoriprøven til trygg trafikk.
- Sykle en bestemt rute i skolens nærområde, som lærer og sykkelinstruktør har bestemt på forhånd.
- Gå gjennom løypen i klasserom via google maps (individuellt, to og to, eller i mindre grupper). Stopp på bestemte punkter i løypen hvor elever skal svare på teoretiske spørsmål, deler på en sykkel, eller forklare en trafikk situasjon med tegn, plassering, skilt etc.
  - Sykle i ferdighetsløypen; vise at en behersker diverse øvelser og forsering av hinder samt gi tegn i svinger og rundkjøringer.
  - Avslutte med premieutdeling. Elevene får Trygg Trafikk sykkelkort, diplom, sykkelflaske og sjokomek fra Tine, samt en Sykkelkids t-skjorte.








#### Dag 4 (skolens ansvar):

- Skolen er selv ansvarlig til å ta sykkelen i bruk i undervisnings-sammenheng. Dette kan være å sykle på tur med elevene til et bestemt sted, arrangere sykkel dag, registrere antall km på sykkel på en uke etc. Dette skal gjennomføres i løpet av inneværende år som opplæringen finner sted, og skal meldes tilbake til Sykkelkids ved endt gjennomføring. Vi utfordrer samtlige skoler til å dele noen av sine sykkelopplevelser på nettside, eller sosiale medier knyttet til prosjektet.



 Følg oss på Facebook @Sykkelkids. Her prøver vi så godt vi kan å dokumentere daglig hva vi gjør.

Vi som arbeider med Sykkelkids takker så mye for støtten og gleder oss til å fortsette arbeidet med sykkelopplæring av skolebarn 😊





**Fra:** Stian Remme (stian.remme@sykling.no)

**Sendt:** 13.12.2018 10:14:27

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; Lise Fauskanger Ådlandsvik

**Kopi:**

**Emne:** Prosjektrapportering – Alle barn sykler – ref: 2014/13889

**Vedlegg:** Gjennomføringsrapport Sykkelkids HFK 2018.pdf;Prosjektrapportering\_skjema 2018. Alle barn sykler.docx;Prosjektrapportering\_skjema 2018. Alle barn sykler.docx

Hei!

Her følger gjennomføringrapport for Alle Barn Sykler/ Sykkelkids opplæringen for 2018. Håper det ser grei ut.

Når må søknad om støtte for 2019 være sendt inn?

Ønsker dere en fin dag 😊

NORGES CYKLEFORBUND

**Stian Remme**

+47 951 79 284

[sykling.no](http://sykling.no) | [facebook.com/norgescykleforbund](https://facebook.com/norgescykleforbund)

[twitter.com/cykleforbundet](https://twitter.com/cykleforbundet) | [instagram.com/cykleforbundet/](https://instagram.com/cykleforbundet/)





## Prosjektrapportering – Alle barn sykler – økonomisk støtte – 2018

Sluttrapporten skal sendast til: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

Rapporten må merkast: "Prosjektrapportering – Alle barn sykler – ref: 2014/13889"

Stad og dato: Bergen 11.12.2018

Kontakt- og utbetalingsinformasjon:	
Namn	<b>Norges Cykleforbund</b>
Adresse	<b>PB 170</b>
Postnummer og poststad	<b>NO - 1309 Rud</b>
Epost	<a href="mailto:Stian.remme@sykling.no">Stian.remme@sykling.no</a>
Kontonummer	5134.06.06012
Organisasjonsnummer	970020055
Tilskotssum	Kr. 70.000,-
Evt. eigenandel	
Totalkostnad	Kr. 1.800.000,-

### Gjennomføring av arrangementet:

1. Gje ein oversikt over kva skular som har delteke, talet på deltakarar og dato for gjennomføring.  
Se oversikt på vedlegg
2. Gje ei kort utgreiing av korleis arbeidet er gjennomført.  
Se vedlagt rapport
3. Gje ei kort vurdering av kva trafikksikringsverknader prosjektet har hatt.  
Se vedlagt rapport

Legg ved eit detaljert rekneskap.

1. Rekneskapet må tydeleg vise tilskot frå ulike aktørar.
2. Rekneskapet må tydeleg vise administrative kostnader, og kostnader per skule/per elev.



## Prosjektrapportering – Alle barn sykler – økonomisk støtte – 2018

Sluttrapporten skal sendast til: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

Rapporten må merkast: "Prosjektrapportering – Alle barn sykler – ref: 2014/13889"

Stad og dato: Bergen 11.12.2018

Kontakt- og utbetalingsinformasjon:	
Namn	<b>Norges Cykleforbund</b>
Adresse	<b>PB 170</b>
Postnummer og poststad	<b>NO - 1309 Rud</b>
Epost	<a href="mailto:Stian.remme@sykling.no">Stian.remme@sykling.no</a>
Kontonummer	5134.06.06012
Organisasjonsnummer	970020055
Tilskotssum	Kr. 70.000,-
Evt. eigenandel	
Totalkostnad	Kr. 1.800.000,-

### Gjennomføring av arrangementet:

1. Gje ein oversikt over kva skular som har delteke, talet på deltakarar og dato for gjennomføring.  
Se oversikt på vedlegg
2. Gje ei kort utgreiing av korleis arbeidet er gjennomført.  
Se vedlagt rapport
3. Gje ei kort vurdering av kva trafikksikringsverknader prosjektet har hatt.  
Se vedlagt rapport

Legg ved eit detaljert rekneskap.

1. Rekneskapet må tydeleg vise tilskot frå ulike aktørar.
2. Rekneskapet må tydeleg vise administrative kostnader, og kostnader per skule/per elev.



Arkivnr: 2014/13889-133

Saksbehandlar: Eva Vinjevoll

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	5/19	26.02.2019

### Sykkelkids - Søknad om tilskot 2019

#### Samandrag

Sykkelkids er eit sykkelopplæringsprogram for barneskular som er eigd av Norges Cykleforbund. Programmet er ei vidareføring av «Alle Barn Sykler». Målet med programmet er å gje tilstrekkeleg opplæring og skape trygghet for barn på sykkel. Sykkelkids fekk for fyrste gong tilskot frå Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) hausten 2015. Dei fekk i 2016 og 2017 eit tilskot frå FTU på 62.500 kr, medan dei i 2018 fekk eit tilskot på 70 000 kr.

Norges Cykleforbund har no sendt inn ein søknad om tilskot for 2019 på 150 000 kr. Før søknaden kom inn stod det att kroner 142 070,- i budsjetterte midlar disponert av fylkestrafikksikringsutvalet.

**Økonomi:** : Tilskotsmidlane er henta frå budsjetterte midlar disponert av fylkestrafikksikringsutvalet.

**Klima:** Trafikkunnskap og kjensle av tryggleik er grunnleggande føresetnader for at dagens barn og unge vel gange og sykkel føre bil når dei veks til.

**Folkehelse:** Same føresetnader (som nemnt ovanfor) er viktig for at barn og unge skal ferdast til fots eller på sykkel til og frå skule og fritidsaktivitetar

**Regional planstrategi:** Satsing på trafikkunnskap og tilrettelegging for fysisk aktivitet frå ung alder er viktig for å styrka konkurransekrafta til gange og sykling som klimavenlege transportformer.

#### Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet tildeler Sykkelkids 142 070 kr i tilskotsmidlar i 2019.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Sykkelkids - Søknad om tilskot 2019
- 2 Sykkelkids - Søknad om tilskot 2019



**Fylkesrådmannen, 12.02.2019****Bakgrunn**

Sykkelkids er eit sykkelopplæringsprogram for barneskular som er eigd av Norges Cykleforbund. Programmet er ei vidareføring av «Alle Barn Sykler». Målet er å gje tilstrekkeleg opplæring og skape trygghet for barn på sykkel. Sykkelkids fekk for fyrste gong tilskot frå Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) hausten 2015. Sykkelkids fekk både i 2016 og 2017 eit tilskot frå FTU på 62.500 kr, medan dei i 2018 fekk eit tilskot på 70 000 kr.

Norges Cykleforbund har no sendt inn ein søknad om tilskot for 2019 på 150.000 kr. Tidlegare har Norges Cykleforbund fått tilskot frå andre einingar i Hordaland fylkeskommune til å drive sykkelopplæring. For 2016/2017 og 2018 var dei tildelt 500.000 kr gjennom ordninga for «tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse, sykkelvanar for barn og unge». Frist for denne tilskotsordninga er 15. februar, og det er såleis ikkje klart om stønad til Sykkelkids vert aktuelt i 2019. Det vi veit er at ramma for denne tilskotsordninga er endra, og maksimal søknadssum er i 2019 på kr. 100 000. Dette er bakgrunnen for at dei søker meir frå FTU i år enn dei har gjort tidlegare år. Norges Cykleforbund er tydelege på at dei ønskjer å oppretthalde sin aktivitet også i 2019.

Midlane skal dekke ein del av kostnadane for naudsynt materiell og drift av opplæringsprogrammet, og tilskotet vil medføre at fleire barn i Hordaland får tilbod om sykkelopplæring.

Før søknaden kom inn stod det att kroner 142 070,- i budsjetterte midlar disponert av fylkestrafikksikringsutvalet.

**Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Fylkesrådmannen registrerer at Sykkelkids gjennom fleire år har fått svært gode tilbakemeldingar frå skular som har gjennomført opplæringsprogrammet. Fylkesrådmannen ser på dette som eit godt tiltak som heng tett saman med Fylkestrafikksikringsutvalet sitt særskilte satsingsområde på mjuke trafikantar langs skuleveg og i regionsenter.

Det er ei målsetjing at flest mogleg av kommunane og skulane i fylket etter kvart kan ta del i sykkelopplæringsprogrammet. Fylkesrådmannen ønskjer at Norges Cykleforbund skal kunne oppretthalde den aktiviteten dei har hatt tidlegare år.



Norges Cykleforbund

MEDLEM  
UNION CYCLISTE INTERNATIONALE  
NORDISKA CYKLEFÖRBUNDET  
NORGES IDRETTSFORBUND



Norges Cykleforbund – Sykkelopplæring

**Søknad HFK 2019**

Dato: 20.12.2018

Prosjektleder: Stian Remme

### **Søknad om tilskuddsmidler for sykkelopplæringsprosjektet «Sykkelkids»**

Vi oversender med dette søknad om tilskudd til sykkelopplæringsprosjektet "Sykkelkids" som eies av Norges Cykleforbund og er en videreføring av Alle Barn Sykler.

Vi søker om tilskudd til gjennomføring av tiltak som tidligere beskrevet i prosjektplan.

Midlene NCF søker om, gjelder kostnader knyttet til gjennomføring av opplæringsprogram for 4. og 5.trinn elever i Hordaland. I 2018 har 2944 elever gjennomført sykkelopplæring og vi har for neste år 2019 som målsetting å øke deltagere og gjennomføre programmet for ca. 3400 elever. Forutsetter budsjettet tilskudd fra HFK og FTUH.

**Vi søker med dette om et tilskudd av størrelse kr 80.000,- for 2019.**

Søknadssum skal dekke en del av kostnadene for nødvendig materiell og drift av opplæringsprogrammet. Tilskuddet medfører at enda flere barn i Hordaland kan få tilbud om sykkelopplæring.

Vi håper på velvillig behandling av søknaden, og takker samtidig for et godt samarbeid i 2018.

#### **Med vennlig hilsen**

NORGES CYKLEFORBUND

**Stian Remme**

+47 951 79 284

[sykling.no](http://sykling.no) | [facebook.com/norgescykleforbund](https://facebook.com/norgescykleforbund)

[twitter.com/cykleforbundet](https://twitter.com/cykleforbundet) | [instagram.com/cykleforbundet/](https://instagram.com/cykleforbundet/)



**Fra:** Stian Remme (stian.remme@sykling.no)

**Sendt:** 11.02.2019 13:25:46

**Til:** Even Vaular

**Kopi:**

**Emne:** Sykkelkids søker økte midler

**Vedlegg:**

Hei Even!

### **Sykelkids søker FTUH økte midler pålydende kr. 150.000,- for 2019.**

På bakgrunn av vår HFTU søknad den 20.12.2018 ble vi nylig informert av HFK ref. Hanne Espe 04.02.2019 at vårt tilskudd på kr. 500.000,- frafaller fra 2019. Begrunnelsen på dette var at det ble tilbake i november 2018 fattet et politisk vedtak hvor politikerne hadde bestemt å implementere sykkel og folkehelse inn i en annen ordning som har en tilskuddsramme mellom 10.000 – 100.000,- for 2019.

Ettersom Sykkelkids var eneste mottaker av tilskuddet til regionale prosjekt knytt til folkehelse og sykkelvaner for barn og unge stiller Sykkelkids seg undrene til at vi ikke fikk noen indikasjoner på at tilskuddet skulle bortfalle på bakgrunn av innsendt aktivitetsrapport til HFK den 8.11 - og 13.12.2018.

Frem til at det ble for oss kjent at situasjonen var endret for 2019 har vi arbeidet og lagt planer med bakteppe i HFK tilskudd skulle bli omtrent likt som tidligere år. Sykkelkids har gjennom vinteren styrket organisasjonen med flere instruktører på delt stillingsbrøk samt vi har senket egenandelen til kommunene for at flere skal kunne få mulighet til å benytte seg av tilbudet. Vi har i starten av året vært i dialog med nøkkel personer i de aller fleste kommuner og fått tilbakemeldinger på at opplæringen er noe de har lyst å benytte seg av i 2019.

Selv om Sykkelkids er nå kommet opp i en litt vanskelig situasjon ift. budsjett er vi fast bestemt på å opprettholde den planlagte aktiviteten i 2019 som tidligere beskrevet i søknaden. Det jobbes også kontinuerlig med å finne en forutsigbar løsning som gjør det mulig å fortsette prosjektet videre etter 2019.

På bakgrunn av dette håper vi at FTUH kan stille seg positiv til vår forespørsel om et økt bidrag for 2019.

NORGES CYKLEFORBUND

**Stian Remme**

+47 951 79 284

[sykling.no](http://sykling.no) | [facebook.com/norgescykleforbund](https://facebook.com/norgescykleforbund)

[twitter.com/cykleforbundet](https://twitter.com/cykleforbundet) | [instagram.com/cykleforbundet/](https://instagram.com/cykleforbundet/)





Arkivnr: 2018/17274-19

Saksbehandlar: Even Vaular

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	6/19	26.02.2019

## Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane 2019

### Samandrag

Tilskotsordninga til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane kom til gjennom *Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017*, og er vidareført etter at handlingsplanen frå 2018 inngjekk i *Investeringsprogram for fylkesvegnettet*.

Innan søknadsfristen 1. januar var det komen inn 14 søknadar om tilskot, fordelt på 10 kommunar. Tre kommunar har søkt støtte til meir enn eitt tiltak. Samla er det søkt om kr 2.086.200 i tilskot, til tiltak med ein samla estimert kostnad på kr 3.251.000. Dei fleste tiltaka er retta mot mjuke trafikantar, gjeld kommunal veg og ligg langs skuleveg. Tiltaka inkluderer rekkverk, veglys, gangfelt og fortau, med meir.

Framlegg til fordeling av tilskotsmidlar er gjort i samarbeid med fagfolk innan trafikksikring hjå Statens vegvesen. I vurderingane er det mellom anna lagt vekt på trafikksikringsverknad og kostnad og nytte, sett i samanheng med dei stadlege tilhøva.

**Økonomi:** Tilskotsmidlane er henta frå budsjetterte midlar disponert av fylkestrafikksikringsutvalet.

**Klima:** Betring av trafiktryggleiken for mjuke trafikantar kan på sikt føra til at fleire vel å gå eller sykla, i staden for å køyra bil.

**Folkehelse:** Sjå «Klima» ovanfor.

**Regional planstrategi:** Satsing på trafiktryggleik er viktig for å utvikla attraktive nærmiljø og regionsenter i fylket, og for å styrka konkurransekrafta til gange og sykling som klimavenlege transportformer.



**Forslag til vedtak**

Fylkestrafikksikringsutvalet gir tilsegn om tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane 2019 i tråd med saksutgreiinga. Følgjande tiltak får tilsegn om midlar:

Kommune	Omtale av tiltaket	Framlegg tildeling
Askøy	Vegoppmerking og rekkverk på Tveit	110 000
Askøy	Opprusting av gamle Kirketrappen v/Skarholmen	80 000
Bømlo	Opphøgd fotgjengarovergang Fv14 Stavland	175 000
Fitjar	Rekkverk mellom gs-veg og sjø / skrent, Havnavegen	151 200
Fitjar	Gatebelysning Kv12 Reino-Tongane	175 000
Radøy	Sikringsarbeid på Kv. Sævdalsvegen og veglyspunkt busstopp Fv565 Solendvegen	87 500
Sveio	Fortau Sveio sentrum, kortare strekning utan tilbod	175 000
Vaksdal	Gangfelt m/intensivbelysning ved kollektivterminal Dale sentrum	175 000
<b>TOTALT</b>		<b>1 128 700</b>

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Vedlegg

- 1 Mindre fysiske 2019 - Oversikt søknadar - vedlegg til sak
- 2 Mindre fysiske ts-tiltak 2019 - Alle søknadar og dokument - vedlegg til sak

Fylkesrådmannen, 07.02.2019

## Bakgrunn

Tilskotsordninga til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane vart etablert gjennom *Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017*, og er vidareført etter at handlingsplanen frå 2018 inngjekk i *Investeringsprogram for fylkesvegnettet*, som er eit samla handlings- og byggeprogram for *Regional transportplan Hordaland 2018-2029*. Målet med ordninga er å styrka det målretta trafikksikringsarbeidet i kommunane, gjennom tilskot til fysiske tiltak prioritert i kommunale trafikksikringsplanar. Desse tiltaka kan gjerne vera små, men likevel av stor betydning.

## Om tilskotsordninga

Tilskotsordninga er retta mot kommunane i Hordaland og gjeld fysiske trafikksikringstiltak på eller ved kommunal eller fylkeskommunal veg. Kommunane kan søka om støtte til mindre tiltak med ein maksimal kostnad på 250.000 kr eks. mva. Ordninga kan dekkja opp til 70 prosent av kostnaden (inntil 175.000 kr). Resten, inkludert eventuelle overskridingar, må kommunane dekkja. Om eit tiltak får mindre kostnader enn skissert i søknaden, vert tildelt støtte redusert tilsvarande. Om ein kommune søkjer om støtte til fleire tiltak, må dei syna fram ei prioritering mellom tiltaka.

I tillegg til kravet om kommunal eigendel er det etter retningslinjene for tilskotsordninga eit krav om at kommunane har ein oppdatert trafikksikringsplan, og at tiltaka er planavklart eller eventuelt ikkje har behov for omfattande planavklaringar.

## Endringar i ramma for tilskotsordninga

Ramma for tilskotsordninga har tidlegare år vore på 2 millionar kroner. Dette var også utgangspunktet før årets søknadsrunde. Som skildra under kom det inn langt færre søknadar til tilskotsordninga i 2019 enn venta. Samla søknadssum ligg omtrent på ramma for tidlegare år. Då nokre søknadar fell utanfor kriteria for tilskotsordninga, er det grunnlag for å trekka ned årets ramme. Dette kan ein gjera då budsjettsaka som styrer ramma for tilskotsordninga, vert lagt fram i same møte i utvalet. I tillegg til søknadar som ikkje møter kriteria, vert midlar knytt til tilsegn som fall bort i 2018 overført til ramma for 2019. Det same gjeld restbeløp frå tilsegn der sluttkostnad på tiltaka vart lågare enn førespeila i søknad. Samla utgjør dette kr 243.750. Det gir eit rom for omfordeling av midlar frå tilskotsramma til *mindre fysiske trafikksikringstiltak*, til andre postar på FTU-budsjettet.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at om ein politisk vil gjera endringar i forslag til tildeling, må ein også endra på fordelinga i forslag til budsjett for FTU 2019.

## Om søknadane

Innan søknadsfristen 1. januar var det kome inn 14 søknadar om tilskot, fordelt på 10 kommunar. Tre kommunar har søkt støtte til meir enn eitt tiltak. Samla er det søkt om kr 2.086.200 i tilskot, til tiltak med ein samla estimert kostnad på kr 3.251.000.

Det har kome inn betydeleg færre søknadar enn tidlegare år. Gjennomsnittet for åra 2015-2018 er 33,75 søknadar fordelt på 15,5 kommunar.

Dei fleste søknadane gjeld tiltak retta mot mjuke trafikantar. Tiltaka inkluderer etablering av rekkverk, veglys, gangfelt og fortau, med meir. Ti av fjorten søknadar gjeld kommunal veg. I alle søknadane er det oppgitt at tiltaka ligg langs skuleveg. Åtte av desse ligg i tettbygde strøk og fire tiltak er knytt til kollektivknutepunkt eller haldeplass. Det er kome inn søknader frå alle delar av fylket.

## Om vurderinga av søknadane

Framlegg til fordeling av tilskotsmidlar er gjort i samarbeid med røynde fagfolk innan trafikksikring hjå Statens vegvesen. Vurderinga tar utgangspunkt i retningslinene for tilskotsordninga, der det mellom anna står:

*«Det vert lagt vekt på at tiltaka som søker delfinansiering frå tilskotsordninga skal innehalde enkle og kostnadseffektive løysingar som direkte medverkar til å auke trafikksikkerleiken. Det kan søkjast om midlar innanfor eit breitt spekter av tiltak, men tiltak som rettar seg inn mot mjuke trafikantar, i særleg grad born og eldre, samt tiltak som reduserer risikoen for møte- og utforkøyringsulukker vert særleg vektlagt.»*

Tiltaka er rangert etter kor gode trafikksikringstiltak dei er, samt om turvande forundersøkingar er gjennomført. Ulike faktorar spelar inn i den faglege vurderinga, som til dømes trafikkmengde, fartsmålingar, siktilhøve, åtferd hjå køyrande og fotgjengarar, risiko for ulykker, kostnadar og venta risikoreduserande effekt ved tiltaka. Den samla vurderinga er kvalitativ.

## Fylkesrådmannen sine kommentarar

Med relativt få søknadar er me i ein heilt annan situasjon enn til dømes fjor, der konkurransen om tilskotsmidlane var stor. Ved årets tildeling har ein i realiteten moglegheita til å gi tilskot til alle søknadar som møter kriteria for tilskotsordninga. Det er likevel gjort faglege vurderingar av tiltaka det er søkt om, då det er viktig me kan stå inne for den faglege kvaliteten på dei tiltaka som får tilsegn om midlar. I dei faglege vurderingane inngår også nytte- og kostnadsvurderingar. Her vert kostnaden til tiltaket vurdert opp mot venta verknad på trafikksikkerheita, og kor mange som vil dra nytte av det. Dei fleste tiltaka det er søkt om er vurdert som gode trafikksikringstiltak, der det ofte er nytte- og kostnadsvurderingane som skil dei frå kvarandre.

Til årets tildeling har det kome inn fleire søknadar som fylkesrådmannen meiner ikkje møter grunnleggande kriterium i tilskotsordninga. Dette gjeld til dømes kravet om ein oppdatert kommunal trafikksikringsplan. Trafikksikringsplanane til Stord (2012-2016), Ullensvang (2009-2012) og Voss (2012-2015) har gått ut, når ein legg til grunn planperiodane deira. Dei har søkt om høvesvis «Mobil fartvisingstavle» (**tiltak 10**), «Fv108 Husevegen, sikring av skuleveg med fortau og rekkverk» (**tiltak 12**) og «Ljossetting av gangfelt nær skular i Voss kommune (Skulestad, Palmafossen, Bjørgum)» (**tiltak 14**).

Stord sin plan vart, trass planperioden, først endeleg vedtatt av kommunestyret i mai 2014. Den er såleis «ferskare» enn ein skulle tru. Kommunen melder at planen vert rullert i år. For Ullensvang vil det verta utarbeidd ein ny trafikksikringsplan når dagens herad går inn i ein ny storkommune frå 2020. På Voss melder kommunen at arbeidet med utarbeiding av ein trafikksikringsplan for nye Voss herad er i gang. Planen skal vedtakast av heradsstyret ein gang etter samanslåinga. Fylkesrådmannen ser positivt på at rullerte planar er på veg, men vil påpeika viktigeita av å oppretthalda kravet om oppdatert trafikksikringsplan. Det er kjend ute i kommunane at dei må ha ein oppdatert plan for å kunna søka tilskotsmidlar frå HFK. Tilskotsmidlane vert då eit insentiv for å få rullert planen. Dette insentivet vert svekka om me ikkje held fast ved kravet.

Fylkesrådmannen meiner også **tiltak 2** «Leskur/venteskur på busshaldeplassar i Stongafjellsvegen» (Askøy) fell utanfor kriteria i tilskotsordninga. Dette tiltaket er vurdert å ikkje vera eit trafikksikringstiltak, men heller eit tiltak for å leggja til rette for kollektivreisande. Fylkesrådmannen vil leggja til at sjølv om fylkeskommunen ved Skyss er ansvarleg for drift av kollektivtilbodet, er det kommunen sitt ansvar å syta for busskur langs kommunal veg. Det er vanleg at kommunal veg inngår i busstraseane i Hordaland.

I retningslinjene til tilskotsordninga heiter det at tiltaket totalt ikkje kan overskrida kr. 250.000 eks. mva. Til årets tildeling kom det inn *ein* søknad som overskrider den øvre kostnadsgrensa. Dette gjeld **tiltak 8** «Betre lyssetting og av- og påstiging v/ Nore Neset barneskule og ungdomsskule» i Os kommune. I søknaden er

totalkostnad oppgitt til kr. 500.000. Kostnadsgrensa avgrensar kva tiltak kommunane søker om. Vel ein å opne opp for tiltak med høgare kostnad, vil tildelingsgrensa (inntil 175.000 kr og 70 prosent av tiltaket sin kostnad) framleis ligga fast, medan kommunal eigendel vil auka. Fleire kommunar vil nok ønskje dette velkommen. Ein fordel med å ha ein maksgrense på kostnad, er at tiltak med avgrensa storleik er lettare å få gjennomført i løpet av året, slik tilskotsordninga legg opp til. Ei ulempe er at det er vanskeleg å behandla søkjarane likt. Søknadar med dårlege og urealistisk låge kostnadsoverslag (innanfor kostnadsgrensa), kreativ «oppstykking» av prosjekt eller anna, kan enda opp med tilskot, medan søknadar som oppgir kostnad over grensa ikkje får det. Ein forsøker å ta høgde for dette i sakshandsaminga.

I tildelingssaka for 2018 vart politikarane presentert for to alternative tildelingar, der alternativ A var ei fagleg tilråding av tiltak uavhengig av kostnadsgrensa, medan alternativ B tok høgde for kostnadsgrensa. Politikarane vedtok her å tildela etter alternativ B. Fylkesrådmannen legg kostnadsgrensa til grunn for sitt forslag om tildeling i 2019.

For **tiltak 5** «Fortau og busslomme Våge skule og opphøgd fotgjengarovergang Fv541» er det usikkert om det er grunnlag for å etablera opphøgd fotgjengarovergang, då det ikkje er gjennomført teljingar av kryssingar. Trafikken er relativt låg, med ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på 1000-1200 (2017), og om nokre år vil den verta ytterlegare redusert, då det gjennom Bømløpakken skal det byggast ny veg i området. Det vil gjera den aktuelle vegstrekninga til ein lokalveg. Det vil framleis gå buss på vegstrekninga.

Sjølv om grunnlaget for etablering av opphøgd gangfelt er usikkert, vil det likevel vera eit godt tiltak å forbetra kryssingspunktet, etablera fortau i busslomma og stramma opp avkøyrseleien inn til skulen. Til dette er truleg kostnadsramma for låg, og såleis vil ikkje denne løysinga inngå i fylkesrådmannen si tilråding til vedtak.

**Tiltak 9** «Sikringsarbeid på Kv. Sævdalsvegen og lyspunkt busstopp Fv565 Solendvegen» (Radøy) er todelte. Første del av tiltaket gjeld sikringsarbeid på Sævdalsvegen. Dette er ein kommunal blindveg som gir tilkomst til eit mindretal bustadar. Årsdøgntrafikken (ÅDT) på vegen ligg truleg under 100. Vegen er smal og farta truleg låg. På eit kortare parti ønskjer kommunen å etablera støypekantar. Kostnad på denne delen av tiltaket er rekna til om lag 125.000 kr. eks mva.

Det er søkt om 2 lampepunkt for å forbetre belysninga kring busstoppet. Ved busstoppet er det allereie eit lyspunkt. Det er også eit lyspunkt ved krysset til Sævdalsvegen. Vurderinga frå Statens vegvesen er at ein ikkje vil tilrå å forsterka belysninga utover desse punkta. Fylkesvegen før og etter Sævdalsvegen er ikkje belyst. Med sterk belysning i eit konsentrert punkt vil vegen på kvar side bli oppfatta som svært mørk. Auga våre treng tid på å tilpassa seg raske overgangar mellom lys og mørke. Som køyrande vert det då vanskelegare å få auge på mjuke trafikantar som er i nærleiken, men ikkje oppheld seg i lyset frå veglysa. Samla sett vil dette truleg ikkje føra til auka tryggleik. Første del av tiltaket vil ha ein positiv trafiksikringsverknad, men særst få vil dra nytte av tiltaket. Fylkesrådmannen vil under tvil tilrå tildeling til sikringstiltak i Sævdalsvegen. Tiltaket var det som kom dårlegast ut av den faglege vurderinga, saman med **tiltak 2** «Leskur/venteskur på busshaldeplassar i Stongafjellsvegen».

Tabell 1: Søknader om tilskot 2019, med vurderingar. Raud farge indikerer avvik frå øvre kostnadsgrense. Resultata av dei faglege vurderingane er vist med ein blåtoneskala. Jo betre tiltaka kom ut av fagleg vurdering, jo lysare blå er dei markert med.

Nr.	Kommune/prioritet	Omtale av tiltaket	Kostnad	Søknadssum	Fag. vurd.	Særskilte merknadar	Forslag tildeling
1	Askøy 1	Vegoppmerking og rekkverk på Tveit	190 000	110 000			110 000
2	Askøy 2	Leskur/venteskur på busshaldeplassar - Stongafjellsvegen.	250 000	175 000		Ikkje vurdert som ts-tiltak	
3	Askøy 3	Opprusting av gamle Kirketrappen v/Skarholmen	120 000	80 000			80 000
4	Bømlo 1	Opphøgd fotgjengarovergang Fv14 Stavland	250 000	175 000			175 000
5	Bømlo 2	Fortau og busslomme Våge skule og opphøgd fotgjengarovergang Fv541	250 000	175 000		Usikkert om grunnlag for overgangsfelt. Kostnadsramma for låg for god løysing	
6	Fitjar 1	Rekkverk mellom gs-veg og sjø / skrent, Havnavegen	216 000	151 200			151 200
7	Fitjar 2	Gatebelysning Kv12 Reino-Tongane	250 000	175 000			175 000
8	Os	Betre lyssetting og av- og påstiging v/ Nore Neset barneskule og ungdomsskule	500 000	175 000		Over øvre kostnadsgrense	
9	Radøy	Sikringsarbeid på Kv. Sævdalsvegen og veglyspunkt busstopp Fv565 Solendvegen	155 000	108 500		Redusert tildeling. Einskilde veglyspunkt er ugunstig her.	87 500
10	Stord	Mobil fartvisingstavle	70 000	49 000		Manglar oppdatert ts-plan. Ikkje vurdert som fysisk tiltak.	
11	Sveio	Fortau Sveio sentrum, kortare strekning utan tilbod	250 000	175 000			175 000
12	Ullensvang	Sikring av skuleveg med fortau og rekkverk, Fv108 Husevegen	250 000	175 000		Manglar oppdatert ts-plan. Gjekk ut i 2012.	
13	Vaksdal	Gangfelt m/intensivbelysning ved kollektivterminal Dale sentrum	250 000	187 500			175 000
14	Voss	Ljossetting av gangfelt nær skular i Voss kommune (Skulestad, Palmafossen, Bjørgum)	250 000	175 000		Manglar oppdatert ts-plan. Gjekk ut i 2015.	
<b>TOTALT</b>			<b>3 251 000</b>	<b>2 086 200</b>			<b>1 128 700</b>


## Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen tilrår at FTU gir tilsegn om tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane i 2019 i tråd med saksutgreiinga. Det gir tilsegn om midlar til følgjande tiltak:

Kommune	Omtale av tiltaket	Framlegg tildeling
Askøy	Vegoppmerking og rekkverk på Tveit	110 000
Askøy	Opprusting av gamle Kirketrappen v/Skarholmen	80 000
Bømlo	Opphøgd fotgjengarovergang Fv14 Stavland	175 000
Fitjar	Rekkverk mellom gs-veg og sjø / skrent, Havnavegen	151 200
Fitjar	Gatebelysning Kv12 Reino-Tongane	175 000
Radøy	Sikringsarbeid på Kv. Sævdalsvegen og veglyspunkt busstopp Fv565 Solendvegen	87 500
Sveio	Fortau Sveio sentrum, kortare strekning utan tilbod	175 000
Vaksdal	Gangfelt m/intensivbelysning ved kollektivterminal Dale sentrum	175 000
<b>TOTALT</b>		<b>1 128 700</b>







**Denne PDF-porteføljen bør åpnes i Acrobat X  
eller Adobe Reader X eller senere.**

Skaft deg Adobe Reader nå!



Arkivnr: 2015/5869-74

Saksbehandlar: Eva Vinjevoll

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	7/19	26.02.2019

**Søknad om tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - 15. januar 2019**

**Samandrag**

I budsjettforslaget frå fylkesrådmannen til Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) er det sett av 1 600 000 kr til tilskotsordninga for lokale trafikksikringsarrangement i 2019. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak, ikkje fysiske tiltak. I PS 42/2018 vart kriterier for tilskotsordninga vedteke. Det er lagt særlig vekt på at tilskotet skal sikre trafikkfagleg kvalitet på arrangementet, kor mange deltakarar arrangementet er mynta på og om arrangementet skjer i ei kommune som er godkjent i ordninga «Trafikksikker kommune». 15. januar var den fyrste av i alt tre fristar i 2019.

Til søknadsfristen 15. januar kom det inn 21 søknader, med ein samla søknadssum på 1 332 580 kr. Fylkesrådmannen innstiller på at 19 av 21 får tilsegn, då to av søknadane ikkje er knytt til arrangement, men fysiske tiltak, det eine på ein fylkesveg og det andre på ein barnehage sitt uteområde, samt innkjøp av sykklar.

**Økonomi:** Tilskotsmidlane er henta frå budsjetterte midlar disponert av fylkestrafikksikringsutvalet

**Klima:** Trafikkopplæring og kjensle av tryggleik er grunnleggande føresetnader for at dagens barn og unge vel gange og sykkel føre bil når dei veks til.

**Folkehelse:** Same føresetnader (som nemnt ovanfor) er viktig for at barn og unge skal ferdast til fots eller på sykkel til og frå skule og fritidsaktivitetar

**Regional planstrategi:** Satsing på trafikkopplæring og tilrettelegging for fysisk aktivitet frå ung alder er viktig for å styrka konkurransekrafta til gange og sykling som klimavenlege transportformer.

**Forslag til vedtak**

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) fordelar tilskotsordning av 15. januar 2019 til lokale trafikksikringsarrangement slik:

Namn på søker	Totalkostnad	Søknadssum	Tilskot	
Askøy kommune fagavdeling kultur og idrett	kr 7 000	kr 2 500	Kr 2 500	Sykelopplæring på idrettsdag
Fitjar frivillighetssentral	kr 73 400	kr 46 000	Kr 36 800	Trafikksikringsdag
Aga barnehage, Ullensvang kommune	kr 100 000	kr 100 000	Kr 0	Fokus på sykkel
Bømlo Vidaregåande skule	kr 54 000	kr 44 000	40 500	Trafikksikringsdag

FAU Alversund skole	kr 20 000	kr 20 000	10 000	Gå/sykle-til-skulen-aksjon
TSU Nordhordland	kr 230 000	kr 130 000	Kr 130 000	Trafikksikringsdag
Stord kommune	kr 30 000	kr 30 000	Kr 30 000	Sykelkids
Sædalen FAU	kr 6 000	kr 6 000	Kr 5 000	Refleksaksjon
Sønstabø og Nordtun gardslag	kr 2 820	kr 3 000	Kr 1 000	Positiv trafikkaksjon
Askøy kommune	kr 105 000	kr 75 000	Kr 50 000	Trafikksikringsdag
FAU Kleppe skole	kr 5 000	kr 5 000	Kr 5 000	Gå-til-skulen-aksjon
Kvinnherad Vidaregåande skule	kr 24 500	kr 24 500	Kr 24 500	Trafikksikringsdag
Valestrand ungdomslag	kr 25 000	kr 20 000	Kr 16 000	Trafikksikringsmøter om skuleveg, med sykkelverkstad
Bømlo kommune	kr 30 000	kr 30 000	Kr 30 000	Sykelkids
Vaksdal kommune	kr 177 440	kr 133 080	Kr 125 000	Trafikksikringsdag
Vaksdal kommune	kr 16 000	kr 16 000	Kr 16 000	Barneteater
FAU Haukås skole	kr 15 000	kr 15 000	Kr 4 000	Refleksaksjon
Melingsåsen velforeing	kr 500 000	kr 500 00	0 kr	Fysiske tiltak
Lægreid skule SFO	kr 7 500	kr 7 500	Kr 7 500	Sykelkids
Knarvikmila AKS	kr 501 000	kr 50 000	Kr 50 000	Trafikksikringsdag
Statens vegvesen	kr 100 000	kr 75 000	Kr 60 000	Trafikksikringsdag
<b>Total</b>	<b>kr 2 029 660</b>	<b>kr 1 332 580</b>	<b>Kr 643 800</b>	

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 12.02.2019

### Bakgrunn:

I budsjettforslaget frå fylkesrådmannen til Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) er det sett av 1 600 000 kr til tilskotsordninga for lokale trafikksikringsarrangement i 2019. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak, ikkje fysiske tiltak. Det er eit viktig prinsipp at FTU skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Innan fristen 15.januar kom det inn 21 søknader til lokale trafikksikringsarrangement, med ein samla søknadssum på 1 332 580 kr.

Ein oversikt over tildelte tilskotsmidlar gjennom denne ordninga viser følgjande:

2011: 11 søknader  
 2012: 16 søknader  
 2013: 15 søknader  
 2014: 18 søknader  
 2015: 18 søknader  
 2016: 20 søknader  
 2017: 27 søknader  
 2018: 21 søknader  
 2019: 19 søknader

Det er allereie kome inn like mange søknader som i heile 2018, men to av søknadane i 2019 er vurdert til å ikkje få tilsegn. Fleire av årets søkjarar har ikkje søkt midlar frå FTU tidlegare, noko som kan tyde på at ordninga blir stadig meir kjend. I fylkesrådmannen si innstilling er det lagt opp til at 19 av 21 får tilsegn. I fylkesrådmannen si innstilling er det to søkjarar som ikkje får tilsegn. Det eine er ein søknad frå ei velforeining om fysiske tiltak på fylkesveg. Den andre søknaden er, slik fylkesrådmannen ser det, ikkje knytt til eit arrangement, men til opprusting av uteområde i ein barnehage, samt innkjøp av sykklar.

I PS 42/2018 vart det vedteke kva for nokre kriterier som skulle ligge til grunn for tilskotsordninga.

- Ved tildeling vektlegg vi trafikkfagleg kvalitet og kor sentralt haldningsskapande trafikksikringsarbeid står i arrangementet
- Prioritet til trafikksikringsarrangement og trafikkopplæring i kommunar som inngår i Trafikksikker kommune-arbeidet
- Prioritet til frivillige organisasjonar som driv med kontinuerleg og regionalt forankra trafiktryggleiksarbeid
- Vi vektlegg kor godt arrangementet treff fylkestrafikksikringsutvalet sine tre satsingsområde
- Kor breitt eit arrangement når ut, vert vurdert opp mot storleiken på søknadssummen
- Arrangementet skal finne stad i Hordaland
- Du kan ikkje nytte tilskotet til administrative kostnader og andre driftsutgifter
- Det er krav til eigendel på minimum 25 prosent dersom kostnaden til arrangementet overstig 30 000 kr.
- Det er mogleg å søke midlar til arrangement som blir gjennomført før sak om tildeling blir handsama politisk.
- Tilskotsmottakarar skal rapportere på bruken av midlane
- Fylkesrevisjonen kan setje i verk kontroll med at tilskotet er nytta slik det var føresett
- Dersom tilskotsmottakar gjev misvisande opplysningar eller ikkje brukar tilskotet i samsvar med vilkåra vil tilskotet verte avkorta/inndrage.



## Oversikt over søknadane av 15.januar 2019

Namn på søker	Totalkostnad	Søknadsum	Tilskot	Krav om eigenandel	Trafikksikker kommune
Askøy kommune	kr 7 000	kr 2 500	Kr 2 500		Nei
Fitjar frivilligsentral	kr 73 400	kr 46 000	Kr 36 800	x	Nei
Aga barnehage, Ullensvang kommune	kr 100 000	kr 100 000	Kr 0	x	Nei
Bømlo Vidaregåande skule	kr 54 000	kr 44 000	Kr 40 500	x	Ja
FAU Alversund skole	kr 20 000	kr 20 000	Kr 10 000		Ja
TSU Nordhordland	kr 230 000	kr 130 000	Kr 130 000	x	Ja
Stord kommune	kr 30 000	kr 30 000	Kr 30 000		Nei
Sædalen FAU	kr 6 000	kr 6 000	Kr 5 000		Nei
Sønstabø og Nordtun gardslag	kr 2 820	kr 3 000	Kr 1 000		Ja
Askøy kommune	kr 105 000	kr 75 000	Kr 50 000	x	Nei
FAU Kleppe skole	kr 5 000	kr 5 000	Kr 5 000		Nei
Kvinnherad Vidaregåande skule	kr 24 500	kr 24 500	Kr 24 500		Ja
Valestrand ungdomslag	kr 25 000	kr 20 000	Kr 16 000		Nei
Bømlo kommune	kr 30 000	kr 30 000	Kr 30 000		Ja
Vaksdal kommune	kr 177 440	kr 133 080	Kr 125 000	x	Ja
Vaksdal kommune	kr 16 000	kr 16 000	Kr 16 000		Ja
FAU Haukås skole	kr 15 000	kr 15 000	Kr 4 000		Nei
Melingsåsen velforeing	kr 500 000	kr 500 000	0 kr	x	Nei
Lægreid skule SFO	kr 7 500	kr 7 500	Kr 7 500		Nei
Knarvikmila AKS	kr 501 000	kr 50 000	Kr 50 000	x	Ja
Statens vegvesen	kr 100 000	kr 75 000	Kr 60 000	x	Nei
<b>Total</b>	kr 2 029 660	kr 1 332 580	Kr 643 000		

Grovt sett kan vi sei at fire arrangement er sykkelopplæring, åtte er trafikksikringsdagar, fire er gå/sykle/refleks-aksjonar i regi av FAU, to er fysiske tiltak som ikkje kvalifiserer til støtte i denne ordninga, dei resterande tre er ein positiv trafikkaksjon, eit foreldremøte om trafikksikring og eitt barneteater. Ni av arrangementa finn stad i kommunar som er godkjente i ordninga «*Trafikksikker kommune*».

Dei fire gå/sykle/refleks-aksjonane er relativt like når det gjeld trafikkfagleg kvalitet, og alle har søkt midlar utelukkande til premiering og utdeling. I vurderinga av desse søknadane er det difor vektlagt om kommunen er godkjent «*Trafikksikker kommune*» og kor mange elevar som går på skulane.

Under følgjer ei kort skildring av kvart enkelt arrangement.

### Idrettsdag Askøy kommune

Fagavdeling for kultur og idrett i Askøy kommune arrangerer kvart år ein idrettsdag for alle førskulebarn på Askøy, til saman 370 barn fordelt på to dagar. Gjennom dagen får dei prøve seg på ulike aktivitetar, deriblant sykkel. Det nyttast sykkelramper frå sykkel-VM som settast opp ei ferdigheitsløype der ein øver seg på start og stopp. Ungane trenar på sykkelferdigheiter i simulert trafikk. Målet er at barna skal auke ferdigheitene og få opplæring i det å ferdast i vegen. Dei har søkt om 2 500 kr i tillegg til at dei ønskjer

refleksar til utdeling. Det har ikkje vore søkt midlar til dette arrangementet tidlegare. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 2 500 kr til arrangementet i tillegg til at dei får 450 refleksar til utdeling.

### **Trafikksikringsdag i Fitjar «Ta ansvar 2019»**

Fitjar frivilligsentral søker midlar til å arrangere ein trafikksikringsdag for elevar frå 9. klasse og opp til tredje året vidaregåande. Til saman deltek 360 elevar på trafikksikringsdagen. Elevane skal lære om alt frå tohjuling, bil, blindsoner, kledning, refleks, sikring i bil og konsekvensar ved brot på lover. Det skal simulerast trafikkulykke der blålysetatane, gravferdsbyrå, trafikkskular, statens vegvesen og NAF skal vere med. Det har vore søkt om midlar til dette arrangementet tidlegare. Dei søker 46 000 kr, og har totalkostnad på 73 400 kr. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 36 800 kr.

### **Sykkelerfaring og opplæring i Aga barnehage**

Aga barnehage i Ullensvang skal ha eit sykkelprosjekt med sykkelopplæring over ei lengre periode. For å gjennomføre dette søker dei midlar til å lage sykkelveg med gangfelt, trafikkljos, skilt i tillegg til at dei treng nokre nye sykklar. Det er ikkje søkt midlar til dette tidlegare. Dei søker 100 000 kr til dette. Fylkesrådmannen innstiller på at dei ikkje får støtte til dette då det ikkje er eit arrangement, og at pengane går i hovudsak til fysiske tiltak.

### **Trafikksikringsdag «Bømlorussen i fokus»**

Bømlo vidaregåande skal arrangere trafikksikringsdag for russen. På Bømlo er det veldig vanleg med russebilar, og rektor ved skulen ser det difor som svært viktig å ha ein slik dag for å sikre ei trygg russetid. På dagen skal Sunnhordland trafikkskule, ein trafikkskadd og andre samarbeidspartnere halde innlegg. Det blir også rigga til med standar der elevane møter blålysetatane, NAF, Røde kors og ordførar. Bømlo VGS har søkt midlar frå FTU til dette arrangementet tidlegare. Dei søker 44 000 kr og har ein totalkostnad på 54 000 kr. Bømlo kommune er godkjent «*Trafikksikker kommune*». Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 40 500, då det er krav om eigenandel på 25 % på dette arrangementet.

### **Sykelaksjonen 2019 ved Alversund skule**

FAU ved Alversund skule arrangerer kvart år ein gå/sykle-til-skulen aksjon i samarbeid med skulen. Målet er å få fleire til å gå/sykle til skulen slik at trafikkbelastninga og risikobilete rundt skulen blir redusert. Skulen gjennomfører trafikkopplæring for 4.klasse i samband med aksjonen. Det er 360 elevar på skulen, og det har vore søkt midlar til dette tidlegare. Dei søker 20 000 kr som skal nyttast til premiar og effektar til utdeling. Lindås kommune er godkjent «*Trafikksikker kommune*», men ettersom midlane ikkje går til å sikre den trafikkfaglege delen av arrangementet innstiller fylkesrådmannen på eit tilskot på 10 000 kr.

### **Trafikksikringsdag i Nordhordland**

TSU Nordhordland arrangerer kvart år ein trafikktryggleiksdag for unge i Nordhordland-regionen, i tillegg til 100 elevar frå Askøy vidaregåande, totalt 650 elevar. Arrangementet blir arrangert i Lindås kommune, som er godkjent «*Trafikksikker kommune*». Det blir drop av bil frå 28 meters høgde og det blir vist korleis situasjonen utspelar seg frå fyrstemann på staden til situasjonen er over. Etter den praktiske delen får avgangselevane høyre meir frå pårørande og involverte etter trafikkulykker. TSU Nordhordland driv kontinuerlig og regionalt forankra trafikktryggleiksarbeid. Dei har søkt midlar til dette arrangementet tidlegare. TSU Nordhordland har ein totalkostnad på 230 000 kr, og søker om 130 000 kr. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 130 000 kr.

### **Trygg på sykkel i Stord kommune - sykkelkids**

Stord kommune søker om midlar til å gjennomføre sykkel- og trafikkopplæring for elevar på 4.- og 5.-trinn ved tre barneskular. Dei håper å auke delen av elevar som sykklar til skulen, og dermed redusere

trafikkbelastninga kring skulen. Arrangementet skal sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheiter til å sykle i trafikken. «*Sykkelkids*» arrangerast i samarbeid med Norges Cycleforbund, og har blitt gjennomført ved mange skular i Hordaland med stor suksess. Stord kommune har ikkje søkt om midlar til dette arrangementet tidlegare. Dei søker om 30 000 kr som er eigenandelen for programmet. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 30 000 kr.

### **Refleksvestaksjonen Sædalen skule vinter 18/19**

FAU ved Sædalen skule i Bergen gjennomfører årleg ein refleksvestaksjon frå oktober til februar. Dei delar ut premie i form av pizza til den klassa med høgast refleksbruk og til ei klasse som blir tilfeldig trekt ut. Målet er å bevisstgjere barn og unge om viktigheita av refleksbruk. Det har ikkje vore søkt om midlar til dette arrangementet tidlegare. Dei søker 6000 kr til å kjøpe premiar til to trinn. Det er om lag 450 elevar ved skulen. Etersom midlane ikkje går til å sikre den trafikkfaglege delen av arrangementet innstiller fylkesrådmannen på eit tilskot på 5 000 kr.

### **Positiv trafikkaksjon ved Sønstabø og Nordtun**

Sønstabø og Nordtun gardslag søker midlar til å arrangere ein positiv trafikkaksjon. På FV14 ved Meling og Sønstabø på Bømlo er vegen smal og svingete. Dette er skuleveg for barn på Meling skule, og gardslaget ønskjer difor å arrangere ein positiv trafikkaksjon for å gjere dei som ferdast på vegen merksame på at det bur og går born i området. Dei ønskjer å samle sambygdingane på den lokale leikeplassen, servere kaffi, saft og bollar, halde appell om trafikksituasjonen og dele ut refleksvestar til born og vaksne. Dei vil dele ut twist, refleks og informasjon til forbipasserande. Det har ikkje vore søkt midlar til dette tidlegare, dei søker 3 000 kr. Bømlo kommune er godkjent «*Trafikksikker kommune*». Fylkesrådmannen innstiller på at dei får refleksar til utdeling og eit tilskot på 1 000 kr.

### **Gøy med trafikkopplæring – forberedande trafikkurs for førskulebarn på Askøy**

For å skape god trafikkforståing og gi opplæring for barnehagebarn som snart begynner på skulen ønskjer Askøy kommune å ta med borna på besøk til trafikksikringshallen i Hordaland. Trafikksikringshallen har eit opplæringstilbod som inkluderer læring om kva sida av vegen ein skal gå på, farar i trafikken, korleis sykle i trafikken og mykje meir. Askøy kommune har ikkje søkt midlar til dette arrangementet tidlegare. Dei søker 75 000 kr frå FTU, som går til deltakaravgift, transport og planlegging. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 50 000 kr.

### **«Gå-til-skulen» aksjon 2019**

Trafikkgruppa i FAU ved Kleppe skule ønskjer å arrangere ein Gå-til-skulen-aksjon. Målet er å få flest mogleg born til å gå eller sykle til skulen. Ved å få fleire born til å gå eller sykle vil trafikksituasjonen lettast, det skal i tillegg vere foreldrevakter på plass utfor skulen som sikrar at ferdselen er trygg. Det er omlag 480 elevar ved skulen, og FAU har søkt midlar til dette tidlegare. Dei søker 5000 kr som skal gå til premiar. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 5 000 kr.

### **Trafikksikringsdagen ved Kvinnherad vidaregåande skule**

Kvart år arrangerer Kvinnherad vidaregåande ein trafikktryggingdag. Omlag 200 elevar er i målgruppa. Det skal vere fellessamlingar med elevane, foredrag frå ulike etatar, demonstrasjon av fyrstehjelp, brannsløkking, promilletest, «bråstoppen» og «Veltepetter». Dei har tidlegare søkt om midlar til dette arrangementet. Dei søker 24 500 kr til bilvrak, kranbil, servering, planlegging og quizpremie. Kvinnherad kommune er godkjent som «*Trafikksikker kommune*». Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 24 500 kr.

### **Lys i mørket**

Valestrand ungdomslag i Sveio kommune søker midlar til å arrangere to møter der ein set fokus på risikofaktorar på skulevegen, i tillegg skal elevane få hjelp til å feste sykkelykter og refleksar på sykkelen.

Ungdomslaget samarbeider med FAU om å arrangere møta. Det er mange barn som sykklar og går utan å vere synlege. På dei to møta vil samarbeidspartnarar bli invitert til å halde eit innlegg. Målet er at foreldre og barn skal i større grad skal tenke på tryggleik og sikkerheit i kvardagen på skule- og arbeidsvegen. Lokalt næringsliv og kommunen er med som samarbeidspartnarar. Dei har ikkje søkt midlar til dette arrangementet før og søkjer no 20 000 kr og har ein totalkostnad på 25 000 kr. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 16 000 kr.

### **Sykelopplæring på barneskular i Bømlo - sykkelkids**

Bømlo kommune søkjer om midlar til å gjennomføre sykkel- og trafikkopplæring for elevar ved tre barneskular i Bømlo kommune. Dei håper å auke talet på elevar som sykklar til skulen. «Sykkelkids» arrangerast i samarbeid med Norges Cycleforbund, og har blitt gjennomført ved mange skular i Hordaland med stor suksess. Bømlo er godkjent som «*Trafikksikker kommune*», og dei har søkt om midlar til gjennomføring av Sykkelkids før. Dei søker om 30 000 kr som er eigenandelen for programmet. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 30 000 kr.

### **Ingen å miste – haldningsskapande trafiktryggleiksarrangement i Vaksdal kommune**

Vaksdal kommune skal i samband med Daledagane å arrangere ein trafikksikringsdag. Målgruppa er frå 10.klasse og oppover. Dagen inneheld foredrag, film og dei skal simulere ei ulykke, med bildropp og uttrykking av naudetatar. Dei søker midlar til planlegging (prosjektlear), annonsering, bilvrak, lyd, servering, kranbil, uttrykking for brannvesen. Dei har søkt midlar til dette arrangementet tidlegare og søker no om 133 080 kr, totalkostnaden av arrangementet er 177 440 kr. Vaksdal kommune er godkjent «*Trafikksikker kommune*». Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 125 000 kr.

### **Teaterframsyning for barnehageborn med trafiktryggleik som tema**

Vaksdal kommune søkjer midlar til å arrangere ei teaterframsyning for borna i alle barnehagane i Vaksdal kommune. Dette er ei teaterframsyning som tidlegare er utabeida og som er skreddarsydd for born i barnehagealder med trafiktryggleik som tema. Dette er ein del av arbeidet med Trafikksikker kommune. Framsyninga vert framført totalt 4 gonger, ein i kvar barnehage. Kommunen har søkt midlar til dette tidlegare og søker no 16 000 kr for å betale skodespelarane. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 16 000 kr.

### **Refleksaksjon ved Haukås skule**

FAU ved Haukås skule ønskjer å arrangere ein refleksaksjon for på skulen i perioden mellom januar og mars. For å simulere til refleksbruk søkjer dei no midlar frå FTU for å kunne premiere dei som er flinke å bruke refleksar. Dei søkjer 15 000 kr som skal gå til premiering, og det går omlag 240 elevar ved skulen. Eitersom midlane ikkje går til å sikre den trafikkfaglege delen av arrangementet innstiller fylkesrådmannen på eit tilskot på 4 000 kr.

### **Trygg skuleveg**

Melingsåsen velforeining søkjer om midlar til å gjennomføre fysiske tiltak langs ein skuleveg. Fylkesrådmannen innstiller på null kroner til dette tiltaket. Fylkesrådmannen tar med seg innspela, og har meldt inn saka som ei uromelding til Statens Vegvesen.

### **Trafikkveka/sykelaksjon ved Lægreid skule SFO – Sykkelkids og opplegg frå Trygg Trafikk**

SFO ved Lægreid skule arrangerer kvar vår fokus på trygg trafikk og sykkelopplæring. I to veker nyttar dei seg av Trygg Trafikk sitt opplegg med teori og praksis. Dei skal ha besøk av Norges Cycleforbund som gjennomfører programmet i Sykkelkids, og i samarbeid med Lions Norge blir det gjennomført sykkelkontroll av alle elevane sine sykklar. Dei søker om 7 500 kr som skal dekke eigenandelen til Sykkelkids, materiale frå Trygg Trafikk og innkjøp av utstyr til sykkel-hinderløype. Totale utgifter er 10 000 kr. Det har ikkje blitt søkt om midlar til dette tidlegare. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 7 500 kr.

## UngdomsMila 2018 - Trafikksikring

KnarvikMila har i samband med UngdomsMila dei siste åra arrangert eit trafikkkurs for 10.klassingar. Blålysetatane, Trygg Trafikk, TSU og lokal trafikkskule bidreg på dette kurset. Før kurset får elevane oppgåver dei skal forberede, på dagen skal det vere standar og føredrag, ein konkurranse og premiering. Målet er å påverke elevane til å gjere gode val i trafikken. KnarvikMila har søkt midlar til arrangementet tidlegare. Arrangementet finn stad i Lindås kommune, som er godkjent «*Trafikksikker kommune*». Frå FTU søker dei 50 000 kr. Totalkostnad for heile arrangementet er 501 000 kr. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 50 000 kr.

## Trafikksikringsdag for MC

Statens Vegvesen søker midlar til å arrangere ein trafikksikringsdag for MC. SVV har, saman med Norges Motorsykel Union, politiet og HFK etablert MC-forum. Satsinga er nedfelt i Nasjonal strategi for MC og moped 2018-2021. MC-førerar er langt meir utsett i trafikken enn bilførerar. Motorsyklar utgjer 5 % av kjøretøybestanden, men er innblanda i 20 % av dødsulykkene. Difor er det viktig å ha ein eigen trafikksikringsdag for MC-førerar. Planen er å ha standar og tilby service på motorsykel, ha vegleiing av MC på bane, dele ut trafikksikringseffektar og lage informasjonsbrosjyrar. Det har ikkje blitt søkt midlar til dette arrangementet tidlegare. Totale utgifter er 100 000 kr, og dei søker 75 000 kr av FTU. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 60 000 kr.

## Tilknytting til satsingsområda til FTU og «Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018 - 2021»

Fylkestrafikksikringsutvalet har tre særskilte satsingsområde for trafikksikring, som er forankra i «Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet 2019 - 2029». I tillegg har fylkeskommunane gjennom «Nasjonal tiltaksplan for trafikksikring på veg 2018 – 2021» forplikta seg til å gjennomføre ei rekke tiltak.

Av eigne særskilte satsingsområde svara tilskotsordninga godt på

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg

Frå «Nasjonal plan for trafikksikring på veg 2018 - 2021» er fleire av arrangementa er med å svare ut følgjande tiltak.

29. Fylkeskommunene og Oslo kommune vil gjennomføre tiltak for at barn er lovmessig sikret under skoletransport.

43. Fylkeskommunene skal støtte og oppmuntre kommuner og frivillige organisasjoner til å sikre skoleveger og nærmiljø, og skape gode holdninger hos barn og unge.

53. Fylkeskommunene og Oslo kommune vil gjennomføre tiltak for å påvirke til god trafikksikkerhetsatferd hos ungdom i videregående skole.

54. Fylkeskommunene og Oslo kommune vil, i samarbeid med Trygg Trafikk, Statens vegvesen og andre samarbeidspartnere, arbeide aktivt med trafikksikkerhet i russetiden.

75. Fylkeskommunene vil, gjennom ulike tiltak og virkemidler, påvirke til økt bruk av sykkelhjelm og refleks.



**Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Fylkesrådmannen ser det som svært positivt at det er kome inn så mange søknader, og meiner ei auke i ramma for 2019 vil vere eit godt grep for å sikre aktivitet i heile fylket. Nytt av året er at tilskotsordninga fungerer som aktive stimuleringsmidlar for ordninga «Trafikksikker kommune». At arrangement i nettopp disse kommunane får særlig prioritet vil forhåpentlegvis bidra til å styrke insentivet kommunar har for å gå inn i ordninga.

Det er både store og små arrangement som har søkt midlar, alt frå grendalag som ønskjer å setje fokus på trafikksikkerhet i bygda si, til store trafikksikringsdagar med mange hundre deltakarar. Det breie engasjementet er av stor betydning for det haldningsskapande trafikksikringsarbeidet kringom i fylket. Fylkesrådmannen vektlegg den trafikkfaglege delen i si innstilling til tilsegn.



Arkivnr: 2014/13889-130  
Saksbehandlar: Marit Selberg Sigurdson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	8/19	26.02.2019

### Aktivitetsmidlar for 2019 - søknad frå Trygg Trafikk

#### Samandrag

Trygg Trafikk sine årlege aktivitetsmidlar til trafikksikringstiltak vert dekkja over Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) sitt budsjett. Distriktsleiaren utarbeidar kvart år ein søknad til FTU med omtale av dei planlagde aktivitetane det komande året. Søknaden for 2019 er på 800.000 kr, fordelt på fire hovudaktivitetar. Fylkesrådmannen rår til midlane vert tildelt slik det går fram av søknaden.

**Økonomi:** Årleg løyving i Fylkestrafikksikringsutvalet sitt budsjett.

**Klima:** Aktivitetsmidlane kan bidra til å auke gange- og sykkelandelen, og redusere bilandelen i fylket.

**Folkehelse:** Auke trafikktryggleikskompetansen i befolkninga, påverke born og unge til å byrje å sykle i ung alder.

**Regional planstrategi:** Ein del av Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet i Hordaland og Regional transportplan Hordaland 2018-2029.

#### Forslag til vedtak

Trygg Trafikk Hordaland vert tildelt 800.000 kr i aktivitetsmidlar for 2019.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 11.02.2019****Bakgrunn**

Trygg Trafikk sine årlege aktivitetstilskott er dekkja over Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) sitt budsjett. Distriktsleiaren utarbeider kvart år ein søknad til FTU med omtale av dei planlagde aktivitetane det komande året. Søknaden for 2019 er på 800.000 kr, fordelt på fire hovudaktivitetar. Den femte planlagde aktiviteten, prosjektet Hjertesone, vart starta opp i 2018. Bergen kommune og fylkeskommunen har her gått saman om ei prosjektstilling som er lagt til Trygg Trafikk. Det fylkeskommunale bidraget er på 500 000,- for 2019. Midlane til denne stillinga går over ein eigen post i FTU sitt budsjett.

**Om aktivitetstilskottane til Trygg Trafikk**

Aktivitetstilskottane til Trygg Trafikk er ei ordning som ligg fast, og er regulert gjennom ein eigen samarbeidsavtale. Midlane vert å hente frå FTU sitt budsjett. Aktivitetstilskottane er grunnlaget for distriktsleiaren sine tiltak og aktivitetar i fylket. Kjerneområda til Trygg Trafikk har tradisjonelt vore retta mot born og unge, og i stor grad vore trafikkopplæringsaktivitetar i barnehage og skule. I søknaden vert det mellom anna vist til aktivitetar som Barnas trafikkklubb, teaterframføringa «Laffen», materiell og rettleiing til elevar, lærarar og foreldre, samarbeid med Norges cykleforbund om «Sykkelkids»-prosjekt, innkjøp og utdeling av tryggleiksutstyr, i tillegg til aktivitetar for russ og vidaregåande skular.

Trafikkopplæringa og aktivitetane retta mot born og unge er framleis særleg viktige innsatsområde for Trygg Trafikk, samstundes som distriktskontoret ønskjer å styrkje satsinga på konseptet Trafikksikker kommune. Dette er i samsvar med Hordaland fylkeskommune sine prioriteringar og målsettingar, og er forankra i både investeringsprogrammet for fylkesvegnettet og Regional transportplan.

I den grad det er trong for det, ønskjer distriktsleiaren å ha handlingsrom til å kunne omdisponere midlane mellom tiltaka og aktivitetane, innanfor ramma på 800.000 kr. Distriktsleiaren vil til ei kvar tid kunne rapportere til FTU på bruk av midlane gjennom året, i tillegg til den faste årsrapporten. Ved større budsjettendringar innanfor aktivitetstilskottane, kan FTU be om at dette vert lagt fram som eiga sak.

**Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Distriktsleiaren sitt arbeid er vidareutvikla dei siste par åra, og fylkesrådmannen ser at det vert arbeidd godt med dei ulike prosjekta. Oppfølginga og koplinga til fylkeskommunen sin handlingsplan og regionale og nasjonale målsettingar er godt fundert. Fylkesrådmannen rår til midlane vert tildelt slik det går fram av søknaden.

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
Att: Even Vaular

Agnes Mowinckels Gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Tlf: +47 41 20 61 32  
nestas@tryggtrafikk.no  
www.tryggtrafikk.no

Referanse:  
Knut Olav Røssland Nestås

Dato:  
11.01.2019

## Søknad om aktivitetsmidlar til Trygg Trafikk for 2019

Me sender dykk med dette søknad om aktivitetsmidlar til trafikksikringstiltak i regi av Trygg Trafikk i Hordaland, i tråd med samarbeidsavtale. Tiltaka våre baserer seg på tiltak i fylkeskommunalt planverk, som Regional transportplan, og våre eigne handlingsplanar er forankra i *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet 2018-2021*.

Trygg Trafikk søker om aktivitetsmidlar til gjennomføring av følgjande tiltak:

Aktivitatar	Sum
Trafikksikker kommune	250 000,-
Opplæring, kurs	250 000,-
Refleks/fylkesaktivitatar	150 000.-
Russ/vgs.	150 000,-
Hjertesone	<i>Prosjektmidlar: Sjå eigen post</i>
<b>Sum søknad aktivitetsmidlar 2019</b>	<b>800 000,-</b>

Budsjettet har som føremål å vidareutvikla og styrka tiltak me jobbar med over tid. Dette heng ikkje minst saman med «Trafikksikker kommune»-konseptet og «Hjertesone»-prosjektet der det er ambisjonar for vidare utvikling framover. Vidare satsing på aktivitet i tråd med nedfelte planar og ambisjonar er eitt opplagt mål dei neste åra. Både «Hjertesone» og «Trafikksikker kommune» er gode døme på arbeid som bidreg i styrkinga av det systembaserte trafikksikringsarbeidet i Hordaland, i tråd med Hordaland fylkeskommune sine eigne målsetjingar i m.a. regional transportplan og nasjonale føringar i t.d. nasjonal tiltaksplan for trafikksikring.

I samband med meir aktivitet, er det også viktig å halda på dei ressurspersonane Trygg Trafikk har til rådvelde utover distriktsleiar. I 2018 tilsette me ein prosjektleiar for Hjertesone-arbeidet, Åslaug Bergsvåg, og i tillegg nyttar me oss av Trygve Hillestad som arrangementsansvarleg for russearrangement i Grieghallen og Arne Aase som innleigd arbeidskraft ved behov. I sum bidreg dette til at Trygg Trafikk har eit langt høgare aktivitetsnivå i Hordaland enn nokon gong tidlegare. Ein målretta aktivitetsauke over tid harmonerer godt med nasjonale og regionale ambisjonar for trafikksikringsarbeidet, der målet er å førebyggja og redusera talet drepne og hardt skadde.

For nærare omtale av tiltaka i søknaden, syner me til oversikt nedanfor.

Det er ynskjeleg med ei rammeløyving på 800 000,- for aktivitetsmidlar der distriktsleiar vert gjeve handlingsrom til å omdisponere fritt mellom tiltaka og aktivitetane ut ifrå behov. Denne fleksibiliteten er særleg viktig i samband med behova i kommunane som jobbar med «Trafikksikker kommune»-prosjektet, der t.d. kompetanseheving og kurs er etterspurt. Me prøver etter beste evne å svara på denne etterspurnaden, men det er ikkje tvil om at slike aktivitetar er ressurskrevjande. I tråd med tidlegare vedtak er me også avhengig av støtte på 500 000,- i samband med «Hjertesone»-prosjektet, for m.a. å finansiera prosjektleiar-stillinga. Som tidlegare vil underteikna rapportera til FTU etter førespurnad og delta i FTU sitt arbeid elles. I tillegg vil det bli utarbeidd skriftleg årsrapport for Trygg Trafikk Hordaland, som ein del av rapporteringa til FTU ved årsslutt.

Me håpar på velviljug handsaming av søknaden, og ser fram til å halde fram det gode samarbeidet i 2019.

## **Tiltaks- og aktivitetsoversikt:**

### *Trafikksikker kommune*

Konseptet er utvikla av Trygg Trafikk med tanke på kommunane si sentrale rolle i trafikksikringsarbeidet. I 2018 hadde me eit nært samarbeid med Lindås, Vaksdal, Austrheim, Bømlo, Sund og Kvinnherad, i tillegg til at me rekrutterte Kvam herad som ny kommune. For å stimulera arbeidet med trafikksikring i desse kommunane, har me utarbeidd eit sett av sentrale kriterium for å kunne bli godkjent og etter kvart regodkjent som ein «Trafikksikker kommune». Me ønskjer med dette å bidra til eit betre førebyggjande arbeid og å sikra eit meir systembasert trafikksikringsarbeid i kommunane. Lindås, Vaksdal og Austrheim vart alle godkjente i løpet av 2016. Bømlo, Sund og Kvinnherad har vore i aktiv prosess sidan årsskiftet 2016/2017, og Bømlo vart godkjent som første kommune av desse tre november 2017. Vidare vart Sund godkjent i mai 2018 og Kvinnherad i september 2018. Arbeidet med prosjektet har avdekkja eit klart behov for kurs, kompetanseheving, nettverksbygging og stønad til innkjøp, materiell og arrangement. Fylkeskommunen har fram til no sett av 100 000,- i stimuleringsmidlar pr. kommune, mens Trygg Trafikk har hatt 250 000,- i 2018 til å gjennomføre kurs og leggje til rette for aktivitetar og systembasert arbeid i kommunane. Dette arbeidet vil halde fram i 2019. Samtidig inneber arbeidet no eit større omfang med til saman sju kommunar, der det òg i løpet av 2019 vil bli jobba for å få rekruttert inn nye kommunar. Distriktsleiar reknar difor med at det i løpet av 2019 vil vera ein stad mellom åtte og ti kommunar som anten er i prosess for å bli godkjent eller som er godkjent i tråd med kriterium. Gjerne fleire om me lukkast med rekrutteringa. Me er avhengige av minst sju



godkjende kommunar for å levera vår del i tråd med *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet 2018-2021*. I tråd med ei slik utvikling vil det også vere eit behov for eit handlingsrom til aktivitetar styrt av Trygg Trafikk. For 2019 er det allereie planar om ulike former for bistand t.d. knytt til einingsmøter, etterutdanning, kurs, nettverkssamlingar med meir. Samhandlinga i prosjektet «Trafikksikker kommune» må seiast å ha vore vellukka, og mykje tyder på at me får ei god utvikling også dei neste åra. Det er positivt, men utfordrar også fylkeskommunen og Trygg Trafikk på å ha tilstrekkeleg arbeidskapasitet og ressursar ved behov. Søknadssummen på 250 000,- skal dekkja våre aktivitetar i så måte, og mellom anna utgifter i samband med eksterne kurshaldarar, kurs- og møteverksemd, utvikling av nye møtestader/nettverksbygging og samlingar, naudsynt materiell, etter- og vidareutdanning for lærarar med vidare. Det er på nivå med føregåande år.

### *Opplæring/kurs*

Trygg Trafikk er den leiande aktøren i arbeidet for trafikksikker oppvekst, og eit kompetansesenter for trafikkopplæring for born og unge, jf. m.a. *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet 2018-2021*. Vår hovudsatsing på området er knytt til trafikkopplæring og bruk av sikringsutstyr. Me tilbyr læringsressursar og rettleiing til elevar, lærarar og foreldre tilpassa alle alderstrinn. I 2018 har me mellom anna støtta Norges cykleforbund og deira «Sykkelkids»-prosjekt (tidlegare «Alle barn sykler») med vesentlege bidrag på materiellsida, og gjennom samarbeid og rettleiing elles. Dette samarbeidet vil halda fram i 2019, og me ser for oss å auka støtta til opplæringsprogrammet noko for at dei skal klara å halda oppe aktivitetsnivået. For 2018 fekk i overkant av 3000 elevar tilbod om trafikkopplæring i Hordaland gjennom «Sykkelkids», og Trygg Trafikk sitt materiell og sykkelprøven vår har vore viktig i gjennomføringa. Når det kjem til trafikkopplæring er det òg aktivitet i fylket elles, det merkar me ut frå førespurnader om materiell, rettleiing, registrert bruk av sykkelprøven og hjelp elles. Arne Aase er òg ute og besøkjer skular som etterlyser særleg bistand. Me har ikkje gode tal på omfang og ynskjer difor i 2019 å gjennomføra ei kartlegging av trafikkopplæringa ved grunnskulane i fylket, i samarbeid med Trygg Trafikk sentralt. Kartlegginga vil bli gjort av TNS Kantar. Satsinga på Barnas Trafikkklubb har òg vore positiv dei siste åra, m.a. gjennom oppløftande medlemsvekst blant barnehagane i Hordaland. Arbeidet med å spreia og marknadsføra Barnas Trafikkklubb held fram for fullt i 2019 i tråd med målsetjingar i Nasjonal tiltaksplan. Etter tidlegare FTU-kampanje overfor barnehagane i tillegg til seinare vervekampanjar frå Trygg Trafikk, er no om lag 290 barnehagar medlemmer av Barnas trafikkklubb. Det tilsvarer ca. 52% av barnehagane i fylket. I 2019 satsar me på å koma opp i 60%. I tillegg har underteikna sagt seg viljug til å føra vidare teaterframsyninga «Laffen» på vegne av FTU, men med ein særleg innfallsvinkel inn mot «Trafikksikker kommune»-satsinga og «Hjertesone». På denne måten får framsyningane nokre knaggar å henga på og styrkjer anna viktig arbeid. Framsyninga vil for 2019 ha ein finansieringstrong på om lag 80 000,-. Trygg Trafikk tilbyr òg kursverksemd overfor faggrupper som t.d. helsesøstrer, barnehagetilsette, lærarar, politi, Statens vegvesen (for dei to siste særleg kring sikring av barn i bil) og HMS-kurs. Summen av desse satsingane gjer at underteikna vurderer at dette tiltaket må ha eit handlingsrom som føregåande år på om lag 250 000,- for 2019.

### *Refleks/fylkesaktivitetar*

Aktiviteten refleks/fylkesaktivitetar vert føreslått på same nivå som i 2018. Innkjøp av refleksar vil liggja på nivå som tidlegare. Trygg Trafikk er pådrivar for auka bruk av sikkerheitsutstyr, til dømes refleks og sykkelhjelm. Mange alvorlege ulukker med mjuke trafikantar skjer i mørket, og auka bruk

av refleks vil redusere omfanget av drepne og hardt skadde i trafikken. Hordaland fylkeskommune ved FTU kjøper årleg inn refleksar til bruk blant samarbeidspartnarane i trafikksikringsarbeidet. Søknadssum frå Trygg Trafikk er på nivå med føregåande år, dvs. 150 000,-. Desse midlane er knytt til den nasjonale refleksdagen i oktober, innkjøp av refleks, utstyr og utdeling av særskilt materiell og give aways, samt gjennomføring av arrangement for å få mest mogleg merksemd om trafikksikring som samfunnsinteresse, som *Trafikksikkerhetsdagen*. I tillegg støttar me opplæringsinstitusjonar som skular og barnehagar med refleksar og premiar av ulikt materiell til aksjonar og etter førespurnad, og alt etter kor mykje refleksar og anna materiell me til ei kvar tid har liggjande. Trygg Trafikk koordinerer òg teljing/registrering av sikring av barn i bil på våren og refleksbruk på hausten i fylket i tråd med krav i *Nasjonalt tiltaksplan for trafikksikkerhet 2018-2021*.

### *Aktivitetar for russ og vidaregåande skule*

Heilt sidan byrjinga av 1990-talet har Trygg Trafikk hatt ansvar for gjennomføring av rebusløp for russ i Hordaland, i samarbeid med Statens vegvesen, politiet, trafikkskular, hovudrussestyret med fleire. Arrangementet er innarbeidd og er eit godt samarbeidstiltak. Tiltaket inkluderer kontroll av russebil og gjennomføring av ei rekkje aktivitetar der trafikksikkerheit er i hovudfokus. Arrangementet blir gjennomført ved trafikkestasjonen i Åsane. Saman med Hordaland fylkeskommune samarbeider me no òg om gjennomføring av arrangementet i Grieghallen. Samarbeidet er nytt frå og med 2018, og Trygve Hillestad er aktiv konsulent. Trygg Trafikk Hordaland har for året 2018 koordinert arrangementet på vegner av Hordaland fylkeskommune og Trygg Trafikk, ref. FTU-vedtak i møte 20/2-2018. Me ser for oss å gjera dette også i 2019 om det er ynskjeleg. Her er det sett av eigne midlar for arrangementet knytt til leige av Grieghallen i FTU-budsjettet, mens Trygg Trafikk for 2018 har betalt løn til Trygve Hillestad og dekkja kostnader ved reise m.v. for føredragshaldarar. Arne Aase bidreg òg aktivt i russearbeidet for Trygg Trafikk. I tråd med nasjonalt arbeid vil det òg bli arbeidd vidare med eit opplæringstiltak for vidaregåande skule. I 2018 var #Er du sikker? tiltaket, og Trygg Trafikk vil etter evalueringar koma med framlegg til tiltak også i 2019. I tillegg vil Trygg Trafikk i Hordaland vera open for å rettleia ungdomsbedrifter, studentar og skuleklassar som jobbar med trafikksikkerheit som tema, og gjerne støtta desse med refleksar og andre enkle innkjøp ved behov. Auken på 50 000,- frå tidlegare år er grunngeve i meir bruk av ekstern arbeidskraft frå Trygve Hillestad og Arne Aase, og at det er venta at kostnadane med #ErDuSikker? vil auka noko i 2019. Samarbeidet om russ og tiltak i vidaregåande skule er godt forankra i *Nasjonalt tiltaksplan for trafikksikkerhet 2018-2021*, t.d. tiltak 52,53 og 54, og er noko me ynskjer å vidareføra.

### *Hjertesone*

Eige prosjekt omtalt tidlegare, og handsama politisk av MISA 7. september 2017, ref. sak PS 94/17, og møter i Fylkesutvalet 20. og 21. september, ref. sak PS 211/17. Det fylkeskommunale bidraget er på 500 000,- for 2019, som tilsvarar 50% av venta prosjektkostnader for 2019. Bergen kommune dekkjer tilsvarande halvdel gjennom sine budsjett.

Med venleg helsing

#### **Knut Olav Røssland Nestås**

Distriktsleiar for Trygg Trafikk i Hordaland

Tel: (+47) 41 20 61 32 E-post: [nestas@tryggtrafikk.no](mailto:nestas@tryggtrafikk.no)



Arkivnr: 2014/13889-129

Saksbehandlar: Eva Vinjevoll

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	9/19	26.02.2019

## Årsrapport 2018 - Fylkestrafikksikringsutvalet

### Samandrag

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) hadde fem ordinære møte, og to ekstramøte i 2018. Det var mykje aktivitet i regi av FTU i 2018. FTU hadde i 2018 eit budsjett på fem millionar.

I 2018 vart det gitt tilsegn på nesten 2,9 millionar gjennom dei tre tilskotsordningane til FTU, noko som har ført til stor aktivitet i heile fylket. Til no er 21 av 39 tiltak gjennomført, og det har blitt utbetalt omlag 1,3 millionar gjennom tilskotsordningane. Tilskotsmottakarane har to år på å gjennomføre, så det resterande beløpet er overført til 2019. I tillegg har FTU brukt pengar på å stimulere til aktivitet gjennom Trygg Trafikk, trafikksikringshallen og gjennom godkjenningsordninga «Trafikksikker kommune». Det vart arrangert trafikksikringskonferanse i regi av FTU som fekk gode tilbakemeldingar. To kommunar har blitt godkjent som Trafikksikker kommune, medan ei tredje har underteikna intensjonsavtale om å bli Trafikksikker kommune. Det har blitt delt ut store mengder refleksar til skular, barnehagar, politiet, helsestasjonar og privatpersonar.

**Økonomi:** Noko mindreforbruk. Det er overført tilsegn på kr 1,5 millionar til utbetaling i 2019

**Klima:** Kopling til satsinga på meir sykkel og gange

**Folkehelse:** Kopling til satsinga på meir sykkel og gange

**Regional planstrategi:** Fokus på trafikktryggleik, gode lokalmiljø og mjuke trafikantar

### Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) tek årsmeldinga og rekneskapen for FTU 2018 til orientering.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



## Fylkesrådmannen, 06.02.2019

### Årsmelding for fylkestrafikksikringsutvalet, 2018

Fylkesrådmannen legg med dette fram årsmelding og rekneskap for 2018 for Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU). Fylkestrafikksikringsutvalet har i 2018 hatt fem ordinære møte i tillegg til to ekstraordinære møte.

I investeringsprogram for fylkesvegnettet vart følgjande tre særskilde satsingsområde for trafikksikringsarbeidet vedteke:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møte- og utforkjøringsulukker utanfor tettbygde strok
- Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg

FTU har i 2018 hatt stort fokus på trafikksikringsarbeidet retta mot kommunane og mjuke trafikantar langs skuleveg. Det har blitt arrangert fleire trafikksikringsarrangement for mjuke trafikantar langs skuleveg, i tillegg til at FTU har vore med å finansiere prosjektleiar for «Hjertesone»-prosjektet saman med Bergen kommune. Sund og Kvinnherad kommunar har blitt godkjende som Trafikksikker kommune, og Kvam herad har skrivne under på intensjonsavtalen om å bli Trafikksikker kommune. Det er no seks godkjende kommunar i Hordaland. Austrheim, Vaksdal, Lindås og Bømlo kjem i tillegg til dei to som vart godkjende i året som gjekk.

I 2018 vart det gitt tilsegn på nesten 2,9 millionar gjennom dei tre tilskotsordningane til FTU, noko som har ført til stor aktivitet i heile fylket. Til no er 21 av 39 tiltak gjennomført, og det har blitt utbetalt omlag 1,3 millionar gjennom tilskotsordningane, det resterande beløpet er overført til 2019. I tillegg har FTU brukt pengar på å stimulere til aktivitet gjennom Trygg Trafikk, trafikksikringshallen, gjennom godkjenningssordninga «Trafikksikker kommune» og til den årlege trafikksikringskonferansen.

Prioriteringa av midlane til trafikksikringstiltak i Hordaland skal vise tilbake på dei særskilte satsingsområda for trafikksikring i investeringsprogrammet for fylkesveg. Midlane til FTU har gått til følgjande tiltak:

#### Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane

I 2018 var det sett av 2 000 000 kr til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane. Det kom inn 29 søknadar om tilskot fordelt på 16 kommunar, samla søknadssum var på vel 6 millionar. 16 tiltak fordelt på ni kommunar fekk tilsegn om tilskot på til saman 2 millionar kroner. Tiltak det vart gitt tilsegn til er mellom anna fartshumar, lys, rekkverk, gangfelt og ny busslomme. Dei som har fått tilsegn kan etter avtale ferdigstilla tiltaket året etter tildelingsåret. Sidan tilskota vert utbetalt etter ferdigstilling av tiltaka, vert delar av ramma for tilskotsordninga overført til påfølgjande år. Av dei som fekk tilsegn i 2018 er det utbetalt 524 500 kr etter at fire tiltak er gjennomført og har levert sluttrapport. I tillegg vart det i 2018 utbetalt midlar til fem tiltak som fekk tilsegn i 2017. Til 2019 vert det overført 1,4 millionar kr.

#### Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar

I 2018 var det sett av 330 000 kr til ordninga for tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar. Ulvik og Askøy kommune fekk tilskot på til saman 330 000 kr for å utarbeide kommunale trafikksikringsplanar. Ulvik sin plan er ferdig og vedteken, medan Askøy sin er til politisk handsaming. Vedtak er venta i løpet av våren 2019. Gjennom «*Nasjonalt tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021*» har fylkeskommunane forplakta seg til å jobbe for at alle kommunar skal ha ein oppdatert trafikksikringsplan, dette er ei god ordning for å stimulere til dette, men det er framleis mange kommunar i Hordaland utan oppdatert trafikksikringsplan.

#### Lokale trafikksikringsarrangement

I 2018 var det sett av 600 000 kr til tilskotsordning for lokale trafikksikringsarrangement. Det var tre tildelingar og midlane blei fordelt utover desse tre tildelingane basert på erfaringar frå tidlegare år. I løpet av 2018 kom det inn 21 søknader. Til saman blei det søkt om 724 000 kr, og gitt tilsegn på 584 000. Det har blitt utbetalt 446 980 kr til 15 tiltaka som har sendt sluttrapport. I tillegg vart det betalt ut 10 000 kr til eit arrangement som vart utsett frå 2017 til 2018. Nokre av arrangementa er utsett til våren 2019, og vil få utbetalt tilskot når sluttrapport er levert. På denne posten var det eit lite mindreforbruk.

#### Kurs og konferansar for kommunane

Den 14. november 2018 fant den årlege trafikksikringskonferansen stad på Scandic Ørnen i Bergen sentrum. Det møtte 80 stk på konferansen frå kommunane i Hordaland, Statens vegvesen, politi, Trygg Trafikk og privat næringsliv. Tema på konferansen var lokalt trafikksikringsarbeid i kommunane. «Nasjonal tiltaksplan for trafikksikring på veg 2018 - 2021» og ordninga «Trafikksikker kommune» fekk ei sentral rolle i programmet til konferansen. På konferansen vart trafikksikringsprisen for 2018 delt ut. Det vart gjort ei evaluering etter konferansen, der den fekk gode tilbakemeldingar.

Det var ikkje arrangert andre kurs, fagdagar eller konferansar i 2018 i regi av FTU. Difor var det eit lite mindreforbruk på denne posten.

#### Trafikksikringsprisen 2018

Trafikksikringsprisen 2018 gjekk til «GRL PWR» som består av ei gruppe jenter frå Kvinnherad kommune som starta ein kampanje og lagde ein film etter dei mange trafikkulykkene i Kvinnherad. I grunngjevinga for tildelinga vart det lagt vekt på at engasjement frå ungdommen sjølv er eit langt meir kraftig verkemiddel enn når vaksne står bak.

#### Trafikksikker kommune

Det var sett av 275 000 kr til stimuleringsmidlar til Trafikksikker kommune. Sund og Kvinnherad kommune vart i 2018 godkjende i ordninga. I tillegg har Kvam herad signert ein intensjonsavtale om å bli Trafikksikker kommune. Det vart nytta 175 000, med andre ord er det eit mindreforbruk på denne posten på 100 000 kr som vart omdisponert til innkjøp av refleksprodukt i FTU sitt møte 27.11.2018.

#### MC-forum

Statens vegvesen har inngått avtale med Norsk motorsykelunion (NMCU) om å saman arbeide for å få ned ulykkestala for mopedistar og motorsyklistar, og etablering av MC-Forum er ein del av dette samarbeidet. Satsinga er nedfelt i Nasjonal strategi for MC og moped 2018-2021. I tillegg til SVV består gruppa av representantar frå HFK, NMCU og politiet. MC-forum jobbar mellom anna med å arrangere trafikksikringsdag for motorsykkelførarar. MC-forum hadde 3 møter i 2018, der eit av møta var sett av til erfaringsutveksling med MC-forum i Vestfold.

#### Fylkeskommunalt trafikksikkerhetsforum

7.november 2018 var det oppstartsmøte for fylkeskommunalt trafikksikkerhetsforum i Lillestrøm. Alle fylkeskommunane i landet blei invitert og Hordaland fylkeskommune stilte med to representantar frå samferdselsavdelinga. Målet er å sikre godt trafikksikringsarbeid på tvers av landet, utveksle erfaringar og lære, både av kvarandre og eksterne innleiarar. Det var fokus på dei fylkeskommunale tiltaka i «Nasjonal tiltaksplan for trafikksikring på veg 2018 - 2021» på den fyrste samlinga. I den same tiltaksplanen er opprettinga av dette forumet nedfelt.

#### Aktivitetsmidlar til Trygg Trafikk



I 2018 fekk Trygg Trafikk tildelt 750 000 kr i aktivitetsmidlar. Det har vore godt samarbeid mellom Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune i 2018. Trygg Trafikk si årsmelding for 2018 vert eiga sak i FTU til våren, og vil ta føre seg aktiviteten i året som gjekk.

#### Sykkelprosjekt, born og unge

Sykkelkids (tidlegare Alle Barn Sykler) fekk i 2018 70 000 kr frå FTU i driftstøtte. Sykkelkids driv med sykkelopplæring for barn og unge. Dette er eit initiativ frå Norges Cykleforbund. Dette opplæringstilbodet får svært gode referansar frå skular som har gjennomført opplegget.

#### Driftstilskot til Trafikksikringshallen i Hordaland

Trafikksikringshallen i Hordaland fekk 50 000 kr i tilskot frå FTU i 2018. Halvparten var driftstøtte, medan resten av tilskotet var øyremerkt arrangement retta mot barn og unge. Trafikksikringshallen leverer eigen årsrapport til FTU.

#### Refleksprodukt, innkjøp

FTU kjøper kvart år inn store mengder refleks til utdeling. Politiet, Trygg Trafikk og helsestasjonar bidreg i utdelinga. Mykje av refleksane blir sendt til skular og barnehagar i heile fylket. Fylkeskommunen og Trygg Trafikk hadde eit felles arrangement på Torgallmenningen i samband med refleksdagen 2018. Der vart det delt ut store mengder refleks til frammøtte og forbipasserande.

I budsjettet for 2018 var det sett av 150 000 kr til innkjøp av refleksar, mot slutten av året var det lite refleksar att, og på FTU sitt møte den 27.11.18 vart 100 000 kr omdisponert frå posten til *Trafikksikker kommune*. Til saman vart det brukt 245 175 kr på innkjøp av refleksar i 2018.

#### Arrangement retta mot russen

Kvart år blir det arrangert eit opplegg for russen i Grieghallen. Dette er eit fellesarrangement for russ i heile fylket. Frå 2018 er det FTU og Trygg Trafikk som står for arrangementet. Arrangementet fekk 140 000 kr i stønad. I tillegg har fleire vidaregåande skular fått midlar gjennom tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement for å arrangere trafikksikringsdagar på skulane. Omlag 3 000 russ møtte på arrangementet. I «Nasjonal plan for trafikksikring på veg 2018 – 2021» seier tiltak 54 at *Fylkeskommunene og Oslo kommune vil, i samarbeid med Trygg Trafikk, Statens vegvesen og andre samarbeidspartnere, arbeide aktivt med trafikksikkerhet i russetiden.*

#### Prosjektleiar Hjertesone, Trygg Trafikk Hordaland Fylkeskommune

Trygg Trafikk fekk 500 000 kr til prosjektstøtte og tilsetjing av ein prosjektleiar for Hjertesone. Hordaland har forplikta seg til finansiering av prosjektet i to år. Bergen kommune stiller med tilsvarande beløp til prosjektet.

#### Diverse

Det er sett av 50 000 kr til diverse i budsjettet. Dette har blitt brukt på medlemskontingent i Trygg Trafikk, deltaking på nasjonal trafikksikringskonferanse og annonsering av tilskotsordningane. Det var eit overforbruk på omlag 11 000 kr på denne posten, overforbruket skuldast annonsering.

Tabellen under viser budsjett og rekneskap for FTU

Prosjektpost	Budsjett	Rekneskap
Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement	600 000 kr	446 980 kr
Tilskot til kommunale trafikksikringsplanar	330 000 kr	330 000 kr

Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak	2 000 000 kr	524 500 kr
Kurs og konferansar for kommunane	60 000 kr	49 836 kr
Trafikksikringsprisen	25 000 kr	25 000 kr
Trafikksikker kommune	275 000 kr	175 000 kr
Trafikksikkerhetshallen	50 000 kr	50 000 kr
Arrangement retta mot russen	140 000 kr	140 000 kr
Refleksprodukt, innkjøp	150 000 kr	245 175 kr
Sykkelprosjekt, born og unge	70 000 kr	70 000 kr
Aktivitetmidlar, Trygg Trafikk Hordaland	750 000 kr	750 000 kr
Prosjektlear, hjertesone, Trygg Trafikk Hordaland	500 000 kr	500 000 kr
Diverse	50 000 kr	61 089 kr
<b>Total</b>	<b>5 000 000 kr</b>	<b>3 367 579 kr</b>
Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement – tildelt 2017, utbetalt 2018		10 000 kr
Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak – tildelt 2017, utbetalt 2018		502 250 kr
<b>Utbetalt i 2018</b>		<b>3 879 829 kr</b>

Oversikt over dei ulike tilskotsordningane, 2018:

Vedtak	Lokale trafikksikringsarrangement 2018	Tilskot
20.02.2018	Askøy kommune	(Utsatt til vår 2019) 27 000 kr
20.02.2018	Bømlo kommune	30 000 kr
20.02.2018	Bømlo VGS	32 000 kr
20.02.2018	FAU Alversund skule	6 000 kr
20.02.2018	KnarvikMila (UngdomsMila)	40 000 kr
20.02.2018	Kvinnherad kommune, Undarheim skule	15 000 kr
20.02.2018	Odda VGS	5 000 kr
20.02.2018	Samnanger kommune	10 000 kr
20.02.2018	Stord kommune	30 000 kr
20.02.2018	Stord VGS	50 000 kr
20.02.2018	TSU Nordhordland	75 000 kr
05.06.2018	Kvinnherad VGS	(Mot tilsegn på 20 000 kr) 16 980 kr
05.06.2018	Deltaolav Undeland	(Utsatt til vår 2019) 18 000 kr
05.06.2018	Bømlo kommune	30 000 kr
05.06.2018	Kvam herad	(Avlyst) 24 000 kr
05.06.2018	Ettertankens dag i Hordaland	32 000 kr
05.06.2018	Hillestveit skule, Bømlo kommune	(Avlyst) 5 000 kr
05.06.2018	Os kommune	60 000 kr
05.06.2018	Rubbestadneset skule	(Utsatt til vår 2019) 30 000 kr
05.06.2018	Grasdal skule, Meland kommune	(Utsatt til vår 2019) 30 000 kr
27.11.2018	Kløvheim bygdelag	15 000 kr
	<b>Utbetalt per januar 2019</b>	<b>446 980 kr</b>
	<b>Overført til 2019</b>	<b>105 000 kr</b>

	<b>Avlyst og midreforbruk (overført til 2019 ramma)</b>	<b>32 020 kr</b>
	<b>Unyttede midlar</b>	<b>16 000 kr</b>
	<b>Total</b>	<b>600 000 kr</b>

	<b>Kommunale trafikksikringsplanar, 2018</b>	<b>Tilskot</b>
1	Ulvik herad	200 000 kr
2	Askøy kommune	130 000 kr
	<b>Total</b>	<b>330 000 kr</b>

<b>Mindre fysiske trafikksikringstiltak, 2018</b>	<b>Navn på tiltak</b>	<b>Tilskot</b>
ASKØY	Veglyst i henteområde ved skular	(Overført til 2019) 175 000 kr
ASKØY	Strusshamnvegen: gangfelt og fartsdemparar langs skuleveg	175 000 kr
BØMLO	Ny busslomme KV1130 Høvringsvikjo	175 000 kr
FITJAR	Kv19 Koløyvegen: veglyst	(Overført til 2019) 175 000 kr
FITJAR	Fv72 Lyspunkt Skardet – Selevik skule	(Overført til 2019) 175 000 kr
FITJAR	Tongabrekko, Rimbareidvegen: veglyst (strekning 250 meter)	(Overført til 2019) 175 000 kr
MELAND	Rekkverk langs kommunal veg Kv1035	(Overført til 2019) 110 000 kr
OS	Veglyst Tøsdalsvegen	(Overført til 2019) 175 000 kr
OS	Veglyst Velumsbrekkene/Håvardsvegen	(Mot tilsegn på 175 000 kr) 143 000 kr
OSTERØY	Rekkverk Hatland	(Avlyst <sup>1</sup> ) 21 000 kr
OSTERØY	Rekkverk Vevle	(Overført til 2019) 56 000 kr
OSTERØY	Veglyst frå Hosanger sentrum mot skulen	(Overført til 2019) 175 000 kr
OSTERØY	Rekkverk Hartveit	(Overført til 2019) 31 500 kr
RADØY	Fartshumpar Prestmarkvegen	31 500 kr
STORD	Intensivbelysning av gangfelt ved Rommetveit barneskule	(Overført til 2019) 105 000 kr
TYSNES	Veglyst Fv79 ved Tysnes omsorgsenter	(Overført til 2019) 70 000 kr
Utbetalt per januar 2019		<b>524 500 kr</b>
Overført til 2019		<b>1 422 500 kr</b>

<sup>1</sup> Tilsegna utgår då tiltaket vart innlemma i gang- og sykkelvegprosjektet på Hatlandsskiftet, som etter ekstraløyvinga til trafikksikring i juninget 2018, vart tildelt 4,5 mill. kr.

Ikkje utnyttta tilskot (overført til 2019- ramma)		<b>53 000 kr</b>
<b>Total</b>		<b>2 000 000 kr</b>

Tabellen under viser tilsegn til mindre fysiske tiltak som fekk redusert utbetaling eller utgjekk i løpet av 2018. Fire av desse vart overført frå tidlegare år. Midlane vert overført til ramma for tilskotsordninga i 2019.

<b>Mindre fysiske trafikksikringstiltak – midlar overført til 2019-ramma for tilskotsordninga</b>				
<b>Tildelingsår</b>	<b>Kommune</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Merknad</b>	<b>Overført til 2019-ramma</b>
2016	Austevoll	Storebø. Utkøyring frå byggefelt. Utvida veg og utkøyring	Tiltaket utgår	70 000 kr
2017	Etne	Rekkverk Skånevik	Tiltaket utgår	84 000 kr
2017	Fjell	Fartshumpar og sikringstiltak ved Fjæreidevegen. Veglys Blombakkane.	Reduksjon i utbetalt tilskot	15 000 kr
2017	Osterøy	Hauge. Fartsdempande tiltak. Fartshumpar og nedsett fartsgrense.	Reduksjon i utbetalt tilskot	21 750 kr
2018	Os	Veglys Velumsbrekkene/Håvardsvegen	Reduksjon i utbetalt tilskot	32 000 kr
2018	Osterøy	Rekkverk Hatland	Tiltaket utgår	21 000 kr
			<b>Total</b>	<b>243 750 kr</b>



Arkivnr: 2014/13889-134

Saksbehandlar: Even Vaular

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	10/19	26.02.2019

### Budsjett for fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) i Hordaland 2019

#### Samandrag

Budsjett for bruk av fylkeskommunale trafikksikringsmidlar er tufta på vedtak i fylkestinget 11/12-18 i sak om årsbudsjett 2019 / økonomiplan 2019-2022 (PS 106/2018). Til Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) er det for 2019 sett av 5 mill. kroner. I tillegg til vedtatt budsjett er det overført kr. 275.770, knytt til tilsegn om tilskot som fall bort i 2018, samt restbeløp frå tilsegn der sluttkostnad på tiltaka vart lågare enn førespeila i søknad. Samla har gir det FTU 5,28 mill. kroner til disposisjon.

Dei største postane er: Tilskotsordninga mindre fysiske trafikksikringstiltak på 1,1 mill. kr, tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement på 1,6 mill. kr, og vidare 525.000 kr til tilskotsordninga for kommunale trafikksikringsplanar. Aktivitetsmidlane til Trygg Trafikk er på 800.000 kr, og prosjektstøtta til Hjertesone på 500.000 kr inngår også i FTU-budsjettet.

**Økonomi:** Fylkestinget vedtok i sak om *årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022* å tildela fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) 5 mill. kroner for 2019.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant.

**Forslag til vedtak**

Fylkestrafikksikringsutvalet gjer vedtak om budsjett for 2019 i tråd med fylkesrådmannen si tilråding. Det gir følgjande fordeling av midlane:

<b>Budsjett for fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) i Hordaland 2019</b>	
Vedtatt budsjetttramme	5 000 000
Overført frå 2018 til ramma for mindre fysiske ts-tiltak	243 750
Overført frå 2018 til ramma for ts-arrangement	32 020
<b>Samla til disposisjon</b>	<b>5 275 770</b>
<b>Prosjektpost</b>	<b>Budsjett (kr)</b>
Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement	1.600.000
Tilskot til kommunale trafikksikringsplanar	525.000
Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak	1.128.700
Kurs, fagdagar og konferansar for kommunane	90.000
Trafikksikringsprisen	25.000
Trafikksikker kommune	75.000
Trafikksikkerhetshallen	50.000
Arrangement retta mot russen	140.000
Refleksprodukt, innkjøp	100.000
Sykkelprosjekt, born og unge	142.070
Aktivitetmidlar, Trygg Trafikk Hordaland	800.000
Prosjektstøtte, Hjertesone, Trygg Trafikk Hordaland	500.000
Diverse	100.000
<b>Total</b>	<b>5.275.770</b>

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Fylkesrådmannen, 12.02.2019

### **Budsjett for fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) i Hordaland 2019**

I vedtaket av årets fylkesbudsjett i desember 2018 vart det sett av 5 millionar kroner til fylkestrafikksikringsutvalet. Desse midlane vert vidare fordelt til ulike tiltak under satsingsområda for trafikksikring. Fordelinga av midlane vert vedtatt i første FTU-møte i 2019. I tillegg til vedtatt budsjett er det overført kr. 275.770, knytt til tilsegn om tilskot som fall bort i 2018, samt restbeløp frå tilsegn der sluttkostnad på tiltaka vart lågare enn førespeilla i søknad. Dei overførte midlane går inn i ramma til den tilskotsordninga dei høyrde til. Samla budsjetttramma vert 5,28 millionar kroner.

<b>Budsjett for fylkestrafikksikringsutvalet 2019</b>	<b>Kr.</b>
Vedtatt budsjetttramme	5 000 000
Overført frå 2018 til ramma for mindre fysiske ts-tiltak	243 750
Overført frå 2018 til ramma for ts-arrangement	32 020
<b>Samla til disposisjon</b>	<b>5 275 770</b>

Særskilte satsingsområde for trafikksikring er vedtatt gjennom Investeringsprogram for fylkesvegnettet (2019-2029). Desse er:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møte- og utforkjøringsulukker utanfor tettbygde strok
- Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg

### ***Budsjettet kort oppsummert***

FTU-budsjettet for 2019 følgjer opp trafikksikringsarbeidet frå dei siste åra, og er på mange måtar ei vidareføring av satsingane i Handlingsprogram for trafikksikring 2014-2017. Tilskotsordninga for lokale trafikksikringsarrangement vert vesentleg styrka i fylkesrådmannen si tilråding. Det gir moglegheit for ein større lokal ts-aktivitet i Hordaland. Arrangement i kommunar som inngår i Trafikksikker kommune-arbeidet vert prioritert ved tildeling. Det same vert frivillige organisasjonar som driv med kontinuerleg og regionalt forankra trafiktryggleiksarbeid. Tilskotsordninga som gir støtte til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar får også ei auke i ramma. Det er ønskeleg å koordinera utlysinga med eit inspirasjonsseminar e.l. om trafikksikringsplanar, retta mot kommunar utan gyldig plan. Fylkesrådmannen ønskjer å satsa vidare på bygging av kompetanse og nettverk i kommunane gjennom konferansar, kurs og fagdagar, og gjennom Trafikksikker kommune-arbeidet. For sistnemnte vert samarbeidet med Trygg Trafikk viktig. Aktivitetsmidlane deira er del av FTU-budsjettet. Dei sit også med prosjektleiinga for Hjertesone-prosjektet i Bergen, som er ei viktig satsing.

For 2019 føreslår fylkesrådmannen fordeling av budsjettmidlane til FTU som presentert i tabellen under. Endringane frå 2018-budsjettet er vist, og kort kommentert. Meir om den einsskild budsjettposten følgjer under tabellen.

Prosjektpost	Budsjett (kr)	Endringar frå 2018	Kommentar
Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement	1.600.000	+1.000.000	Eit ønske om å styrka ordninga etter vedtak av nye kriterium. Stor pågang ut frå tal på søknadar/samla søknadssum
Tilskot til kommunale trafikksikringsplanar	525.000	+195.000	Ønske om å få fleire kommunar i gang med ts-planarbeid.
Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak	1.128.700	-871.300	Få søknadar og større behov andre plassar
Kurs, fagdagar og konferansar for kommunane	90.000	+30.000	Ønske om meir aktivitet mot kommunane
Trafikksikringsprisen	25.000	-	
Trafikksikker kommune	75.000	-200.000	Omlegging av stimuleringsmidlane. Attståande er ei forplikting til Kvam herad.
Trafikksikkerhetshallen	50.000	-	Forankra i FTU-vedtak 20/2-18, i sak PS 8/2018.
Arrangement retta mot russen	140.000	-	
Refleksprodukt, innkjøp	100.000	-50.000	Med budsjettjustering 27/11-18 er behovet for nye refleksar mindre.
Sykkelprosjekt, born og unge	142.070	+72.070	Bortfall av finansiering, søknad om ekstra midlar. Sjå eiga sak.
Aktivitetsmidlar, Trygg Trafikk Hordaland	800.000	+50.000	Lita auke, omtalt i søknad. Sjå eiga sak.
Prosjektstøtte, Hjertesone, Trygg Trafikk Hordaland	500.000	-	Prosjektstøtte for 2019 er forankra i fylkesutvalsvedtak 20/9-17 i sak PS 211/2017.
Diverse	100.000	+50.000	Større behov grunna kostnader til annonsering av tilskotsordningane over heile fylket.
<b>Total</b>	<b>5.275.770</b>		

## Om budsjettpostane

### Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement

Tiltaket ligg som ein del av satsingsområde *trafikksikringsarbeid i kommunane*. Det er vidare tett kopla til *Nasjonalt tiltaksplan* og innsatsområde *Barn (0-14 år)*, der det heiter at fylkeskommunane «skal støtte og oppmuntre kommuner og frivillige organisasjonar til å sikre skolevegar og nærmiljø, og skape gode holdningar hos barn og unge. Tiltaket har eksistert i mange år. Bakgrunnen for tiltaket er å stø oppunder gjennomføringa av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ. Det er sett opp tre søknadsfristar i løpet av året (15. januar, 1. mai og 1. september).

Tilskotsordninga har ved årets første tildeling opplevd stor pågang. Etter vedtak av nye kriterium for ordninga i FTU-møtet 27/11-18, der det mellom anna vert gitt prioritet til «*trafikksikringsarrangement og trafikkopplæring i kommunar som inngår i Trafikksikker kommune-arbeidet*», er det tenkt at ordninga skal erstatta tidlegare stimuleringsmidlar til Trafikksikker kommune. Tilskotsordninga har som i fjor tre tildelingar, men den siste er flytta frå november til september, noko me trur vil gi fleire søkjarar. Samla gir dette gode

grunnar for ei solid styrking av ramma for ordninga. Fylkesrådmannen føreslår ei ramme for ordninga på kr. 1.600.000.

### Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar

Tiltaket ligg som ein del av satsingsområde *trafikksikringsarbeid i kommunane*. Det er vidare tett kopla til *Nasjonal tiltaksplan* og innsatsområde *Systematisk trafikksikkerhetsarbeid i fylkeskommuner og kommuner*, der det heiter at fylkeskommunen «vil arbeide for at alle kommuner skal ha kommunale trafikksikkerhetsplaner». Tiltaket har eksistert sidan 2011. Søknadsfristen vert sett til 1. mai.

Sist oppdaterte oversikt syner at 10 av 33 kommunar har ein utdatert trafikksikringsplan. Fem av desse vert frå 1. januar 2020 to nye kommunar - Ullensvang kommune og Voss herad. Det skal lagast trafikksikringsplanar for dei nye kommunane. I Rogaland vart det i fjor arrangert ein inspirasjonsdag for kommunane som ikkje hadde gyldige planar. Tilbakemeldingane var gode. Fylkesrådmannen meiner det kan vera ein god idé å vurdere eit tilsvarande arrangement i Hordaland. Det kan vera eit bidrag som får fleire i gang med planarbeidet, og bør koordinerast med utlysinga i tilskotsordninga.

Det er vanskeleg å seia kor mange som vil søkja tilskot. I 2018 hadde me to søkjarar, som samla søkte om meir midlar enn kva det var budsjettert for. I åra før hadde det vore eit mindreforbruk, noko som var grunnen til den relativt låge ramma på 330.000 kr i 2018. Fylkesrådmannen føreslår ei auke i budsjettposten, samla kr 525.000.

### Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak

Tiltaket ligg som ein del av satsingsområde *trafikksikringsarbeid i kommunane*. Gjennom tildelingar frå tilskotsordninga bidrar også tiltaket inn mot satsingsområda *møte- og utforkjøringsulukker utanfor tettbygde strok* og *mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg*. Tiltaket var nytt i 2014, og det har samla sett vore gode erfaringar med tilskotsordninga. Det kom inn få søknadar til fristen for årets tildeling 1. januar 2019. Når ein har trekt frå søknadane som ikkje møter kriteria for tilskotsordninga eller som ikkje er fagleg tilrådd å gjennomføra, hamnar me godt under den ramma tilskotsordninga hadde i 2018. Føreslått ramme for tilskotsordninga i 2019 er i samsvar med fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak i tildelingssaka. Fylkesrådmannen føreslår 1.128.700 kr til tiltaket i 2019.

### Kurs, fagdagar og konferansar for kommunane

Tiltaket ligg som ein del av satsingsområde *trafikksikringsarbeid i kommunane*. Den årlege Trafikksikringskonferansen i Hordaland er ein viktig møteplass for folk som jobbar med trafikksikring i kommunane, Statens vegvesen, Politiet, osv. FTU har arrangert konferansen sidan 2011. Konferansen koplar fagpersonar saman på tvers av kommunar og etatar, og gir fagleg påfyll. Det kan også vera aktuelt at fylkeskommunen ved FTU koordinerer ulike fagdagar og samlingar som går i djupna på aktuelle tema. Dette vart gjort med god erfaring i 2015 og 2017, då FTU arrangerte ein fagdag om gangfelt og for sykkel for kommunetilsette og konsulentar. Aktuelle fagdagar/samlingar kan til dømes vera:

- Inspirasjonsdag om trafikksikringsplanar for kommunar utan gyldig ts-plan
- Fagdag om Hjertesone for kommunetilsette og konsulentar
- Fagdag/kurs om ts-kvalitetssikring i arealplanar for planleggarar i kommunane
- Nettverkssamling for ts-kontaktar i kommunane

Gjennomføring av fagdagar/samlingar utover Trafikksikringskonferansen må vurderast opp mot arbeidskapasiteten til administrasjonen i 2019. Fylkesrådmannen føreslår ei ramme på 90.000 kr for 2019.

### Trafikksikringsprisen

Tiltaket ligg som ein del av satsingsområde *trafikksikringsarbeid i kommunane*. Trafikksikringsprisen vart delt ut for fyrste gong i 2014. Prisen vil verta delt ut på den årlege trafikksikringskonferansen for kommunane. Fylkesrådmannen føreslår vidareføring av prisen på same nivå som tidlegare år, kr. 25.000.

### Trafikksikker kommune

Tiltaket ligg som ein del av satsingsområde *trafikksikringsarbeid i kommunane*. Det er vidare tett kopla til *Nasjonalt tiltaksplan* og innsatsområde *Systematisk trafikksikkerhetsarbeid i fylkeskommuner og kommuner*, der det heiter at Trygg Trafikk i samarbeid med fylkeskommunane vil «arbeide for at det per 1/1-2022 skal være 125 kommuner som er godkjent som Trafikksikker kommune og at allerede godkjente kommuner blir regodkjent». Det er venta at arbeidet med Trafikksikker kommune vil krevje auka ressursar til oppfølging av godkjende kommunar og kommunar i prosess dei kommande åra. I 2019 vert det regodkjenning av dei første kommunane i Hordaland som gjekk inn i ordninga. Trygg Trafikk har hovudansvaret for oppfølginga, som vert finansiert gjennom aktivitetsmidlar frå FTU.

Arbeidet har så langt resultert i seks trafikksikre kommunar, og ein kommune (Kvam herad) med underskriven intensjonsavtale. Tidlegare har FTU gitt stimuleringsmidlar på 25.000 kr til kommunar ved signering av intensjonsavtale, og 75.000 kr ved godkjenning. I orientering om 2019-budsjettet i FTU-møtet 27/11-18 vart det drøfta ei anna innretting av stimuleringsmidlane for Trafikksikker kommune, der midlane vart overført til tilskotsordninga for lokale trafikksikringsarrangement. Dette skulle følgjast opp med eit nytt kriterium for ordninga, der arrangement i ein Trafikksikker kommune ville få prioritet. I sak om kriterium for ordninga i same møte, vart eit slikt kriterium vedtatt. Sidan Kvam herad då allereie hadde signert intensjonsavtale og starta sitt arbeid, meiner fylkesrådmannen at fylkeskommunen har ei forplikting overfor heradet om utbetaling av kr 75.000 ved godkjenning. Fylkesrådmannen føreslår difor at det vert budsjettet for desse midlane i 2019.

### Trafikksikkerhetshallen

Tiltaket er tett kopla til *Nasjonalt tiltaksplan* og tiltaket «Fylkeskommunene skal støtte og oppmuntre kommuner og frivillige organisasjoner til å sikre skoleveger og nærmiljø, og skape gode holdninger hos barn og unge», og tiltaket «Fylkeskommunene vil gjennomføre tiltak for å påvirke til god trafikksikkerhetsadferd hos ungdom i videregående skole». I FTU-møtet 20/2-18 gjorde utvalet følgjande vedtak (i sak PS 8/2018):

«Trafikksikkerhetshallen i Hordaland får ei løyving på tilskot i 2018 og 2019. Tilskotet for 2018 er på 50.000 kr der 50% av tilskotet er øyremerka arrangement retta mot barn og unge. Tilskotet for 2019 er tenkt på 50.000 kr, og skal i sin heilskap gå til arrangement retta mot barn og unge.»

Fylkesrådmannen innstiller på kr. 50.000 i tilskot til Trafikksikkerhetshallen etter vilkåret i vedtaket frå i fjor.

### Arrangement retta mot rusen

Tiltaket er tett kopla til *Nasjonalt tiltaksplan* og tiltaket «Fylkeskommunene vil, i samarbeid med Trygg Trafikk og andre samarbeidspartnere, arbeide aktivt med trafikksikkerhet i russetida». Tiltaket omhandlar det årlege russearrangementet i Grieghallen, der FTU har gått inn som fast støttespelar. Koordineringa skjer gjennom Trygg Trafikk. Arrangementet er retta mot alle elevar i videregående skule i fylket, og er ein viktig del av rusesatsinga i fylkeskommunen. Det same er tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement, som kvart år gir støtte til fleire arrangement ved videregående skuler, og russearbeidet som opplæringsavdelinga koordinerer. Fylkesrådmannen føreslår 140.000 kr. til arrangementet i 2019.

### Refleksprodukt, innkjøp

Tiltaket ligg som ein del av satsingsområde *mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg*. Det er vidare tett kopla til *Nasjonalt tiltaksplan* og tiltaket til innsatsområde *Gående og syklende*, der det heiter at fylkeskommunane gjennom ulike tiltak og verkemiddel vil «påvirke til økt bruk av sykkelhjelm og refleks». Årleg kjøper FTU inn refleksar som vert delt ut av Trygg Trafikk og Politiet, saman med fylkeskommunen. I 2018 vart det sett av 150.000 kr til innkjøp. Vedtaket frå FTU-møtet 27/11-18 om omdisponering av 100.000 kr frå Trafikksikker kommune-posten til refleksinnkjøp, gjorde at me gjekk inn i 2019 med ei god refleksbeholdning. Fylkesrådmannen føreslår difor ei reduksjon på budsjettposten samanlikna med fjoråret. For 2019 vert det føreslått 100.000 kr til refleksinnkjøp.

### Sykkelprosjekt retta mot barn og unge (Sykkelkids)

Tiltaket ligg som ein del av satsingsområde *mjuka trafikantar i regionsenter og langs skuleveg*. Det er eit godt folkehelseiltak, og nært kopla til satsinga på Hjertesone rundt skulane. *Sykkelkids*, tidlegare *Alle barn sykler*, er eit samarbeidsprosjekt som opphavleg kom til i samband med sykkel-VM i Bergen i 2017. Prosjektet vert no drive av Norges Cykleforbund, men finansieringa er i stor grad avhengig av offentlege midlar. Prosjektet har hatt ein avtale om finansiering med Bergen kommune, medan midlane frå fylkeskommunen har kome frå ei tilskotsordning under *kultur- og idrettsavdelinga*, og støtte over FTU-budsjettet.

Frå tilskotsordninga til kultur- og idrettsavdelinga har Sykkelkids tidlegare fått 500.000 kr. I fjor vart ordninga lagt inn under ei anna eksisterande tilskotsordning som gjaldt *lågterskel aktivitet for barn og unge*. Her er maksimalt tilskot sett til kr. 100.000. Sykkelkids vart ikkje informert om omlegginga av tilskotsordninga, og fann det ut «i tolvte time», når planar for 2019 var lagt og søknad til FTU sendt. Dei har difor sendt ny søknad til FTU der dei søker om kr 150.000, mot 80.000 kr i første søknad. Sykkelkids melder at uansett utfall vil dei ikkje endra på planar og ambisjonar for 2019, men innhenting av pengane dei manglar på budsjettet vil verta ei krevjande øving.

Ingen kan rekna med å ha «klippekort» på tilskot frå fylkeskommunen, og det er viktig at tilskotsordningane vert evaluert og tilpassa ønskte satsingar og politiske signal. Likevel meiner fylkesrådmannen at me må leggja vekt på å gi faste tilskotsmottakarar føreseielege forhold. FTU har også ei eiga interesse av at Sykkelkids kan oppretthalda aktivitet i heile fylket. Sidan 2015 har Sykkelkids (den gang *Alle barn sykler*) vore FTU si satsing innan sykkelopplæring, etter at dei vedtok å leggja ned tiltaket. *Fylkesfinalen i sykling*. Ut frå dette føreslår fylkesrådmannen å auka støtta til Sykkelkids til kr. 142.070 i 2019.

Fylkeskommunen bør i 2019, saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune, avklara korleis ein vurderer vidare satsing innan sykkelopplæring i Vestland fylkeskommune.

### Aktivitetsmidlar, Trygg Trafikk Hordaland

Aktivitetane til Trygg Trafikk Hordaland skal dekkast over FTU sitt budsjett. Trygg Trafikk søker kvart år om desse aktivitetsmidlane. I søknaden går det fram kva for type aktivitetar som skal gjennomførast det gjeldande året. Distriktsleiaren har ansvar for å rapportera til FTU undervegs. Trygg Trafikk sitt arbeid er i særleg grad retta mot arbeidet med Trafikksikker kommune, og å auka trafikksikringskompetansen i barnehage og skule. Fylkesrådmannen føreslår at det vert sett av kr 800.000 til aktivitetsmidlar for Trygg Trafikk, i tråd med søknad.

### Prosjektstøtte, Hjertesone, Trygg Trafikk

Tiltaket ligg som ein del av satsingsområde *mjuka trafikantar i regionsenter og langs skuleveg*. Hordaland Fylkesutvalet vedtok i september 2017 at fylkeskommunen ville bidra med inntil 1 million kroner årleg innanfor FTU sitt budsjett i 2018 og 2019 til ei toårig prosjektstilling i Trygg Trafikk Hordaland. Det vart lagt til grunn at dette er eit spleiselag med Bergen kommune. Prosjektleiaren skal arbeide med å implementere Hjertesone i Bergen kommune. Fylkesrådmannen føreslår at midlane til Hjertesone for 2019 vert vidareført på same nivå som i fjor, det vil seie 500.000 kr.

### Diverse

Midlane går til annonsering, diverse driftsutgifter og medlemskontingent i Trygg Trafikk. Denne posten kan også nyttast til aktuelle trafikksikringstiltak/-prosjekt FTU ønskjer å støtte, men som det ikkje er sett av midlar til i budsjettet. Det vert ein gong for året annonsert for tilskotsordningane til FTU i lokalaviser over heile fylket. Denne annonseringa har ein kostnad som gjer at diverse-posten bør aukast. Fylkesrådmannen føreslår å setja av kr. 100.000 for 2019.

**Fylkesrådmannen si tilråding**

Med bakgrunn i vurderingane som er skildra i saksutgreiinga, vil fylkesrådmannen tilrå fordelinga av FTU-budsjettet for 2019 som vist i tabellen under:

<b>Budsjett for fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) i Hordaland 2019</b>	
Vedtatt budsjetttramme	5 000 000
Overført frå 2018 til ramma for mindre fysiske ts-tiltak	243 750
Overført frå 2018 til ramma for ts-arrangement	32 020
Samla til disposisjon	<b>5 275 770</b>
<b>Prosjektpost</b>	<b>Budsjett (kr)</b>
Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement	1.600.000
Tilskot til kommunale trafikksikringsplanar	525.000
Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak	1.128.700
Kurs, fagdagar og konferansar for kommunane	90.000
Trafikksikringsprisen	25.000
Trafikksikker kommune	75.000
Trafikksikkerhetshallen	50.000
Arrangement retta mot russen	140.000
Refleksprodukt, innkjøp	100.000
Sykkelprosjekt, born og unge	142.070
Aktivitetmidlar, Trygg Trafikk Hordaland	800.000
Prosjektstøtte, Hjertesone, Trygg Trafikk Hordaland	500.000
Diverse	100.000
<b>Total</b>	<b>5.275.770</b>